



Førde kommune



Omsorgsbustader
Kyrkjevegen

Årsrapport 2012

Førde kommune - Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhald

Innleiing	3
Overordna.....	4
Stab og støtte	8
Skule.....	11
Barnehage.....	16
Andre tenester innanfor oppvekstsektoren	21
Helse og barn.....	23
Legetenesta og rehabilitering	25
NAV	27
Pleie og omsorg – miljøarbeidartenester og dagtilbod.....	29
Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta.....	31
Kultur og kulturskulen	35
Tekniske tenester.....	39
Politikk	45
Internasjonalt arbeid.....	46
Interkommunalt samarbeid.....	47
Interkommunale selskap.....	48
Sjukefråvær	49
Skadersaker	50
Eigarskap.....	51

Innleiing

Årsrapporten til Førde kommune fungerer som ei nyttig tilbakemelding frå einingane til rådmannen om status i einingane og kva resultat einingane har oppnådd det siste året. På tilsvarende måte er den også ei tilbakemelding frå rådmannen til Bystyret. Årsrapporten dannar eit verdifullt erfaringsgrunnlag når ein no tek fatt på arbeidet med økonomiplanen.

2012 gav eit netto driftsresultat på 4,1 % av driftsinntektene. Dersom vi korrigerer netto driftsresultat for inntekter frå mva-kompensasjon for investeringar som vert tilbakeført til investeringsrekskapen, er netto driftsresultat 0,5 %. Staten og KS tilrår eit netto driftsresultat på 3 %. Lånegjelda er urovekkande høg, men Førde kommune har ein relativt god eigenkapitalsituasjon.

Budsjettstyringa i einingane er god, men kommunen har i 2012 hatt eit meirforbruk i drifta på 7,5 mill kr hovudsakleg innan helse/ omsorg og teknisk. Meirforbruket er rapportert gjennom systemet med månadleg rapportering. Det gjer til at vi har god oversikt over den økonomiske situasjonen. Også rutineane med rapportering av investeringsprosjekta gjev god oversikt og styring.

I 2012 fortsatte folketalsveksten i Førde. Folketalet auka med 252 personar (2,0 %) og var ved nyttår 12.559 personar. Auken er høgare enn årleg gjennomsnittleg folketalsvekst i Førde på 1,4 % dei siste åra.

Sjukefråværet i Førde kommune vart redusert frå 8,0 % i 2011 til 7,85 % i 2012. Samanlikna med andre kommunar er sjukefråværet til Førde kommune lågare enn landsgjennomsnittet.

2012 er prega av at vi har hatt mange spennande investeringsprosjekt. Bygging av 29 omsorgsbustadar ved Helsetunet vart ferdigstilt sommaren 2012. Bygging av nytt Rådhus starta mot slutten av 2011 og skal ferdigstillast i august 2013. Kunstmuseet er ferdigstilt og vart opna 8. september 2012.

Det er særleg tre prosjekt som har vore krevjande i 2012 og som skal finne si endelege form i 2013 – planlegging og utbygging av E39 og Førdepakken og Hafstad bydel/Hafstad idrettspark.

Likevel er det viktig å vere klar over at det viktigaste arbeidet går føre seg ute i einingane der tenesteproduksjonen mot innbyggjarane er – i skulane, barnehagane, helse og omsorg, teknisk, kultur og alle dei andre einingane. Her vert det lagt ned ein stor innsats og kvaliteten er god. Dette får vi stadfesta i tilsyn, brukarundersøkingar og medarbeidarkartleggingar der det kjem fram at brukarane og dei tilsette er nøgde.

Eg kan derfor med utgangspunkt i denne årsrapporten slå fast at det vert jobba målbevisst i alle ledd for å nå visjonen vår;

– *Førde kommune – ei drivkraft med menneska i sentrum.*

Eg vil også nytte høvet til å takke alle tilsette og dei folkevalde for eit godt samarbeid i 2012.

Førde 12.04.2013

Ole John Østenstad
Rådmann

Overordna

Som det vil gå fram av sektorane og einingane sine årsrapportar har det i 2012 vore lagt ned mykje arbeid for å sikre at kommunen har eit godt tenestetilbod innanfor dei nasjonalt og lokalt prioriterte områda. Vidare har det blitt arbeidd monaleg med å sikre at kommunen har eit godt omdøme blant innbyggjarane. Eit godt omdøme for Førde kommune er mellom anna viktig for å sikre framleis auke i folketal og rekruttering av naudsynt kompetanse til privat og offentleg verksemd.

Av viktige hendingar i 2012 kan nemnast:

- Ferdigstilling av 29 omsorgsbustadar ved Helsetunet sommaren 2012
- Bygging av nytt Rådhus starta mot slutten av 2011 og skal ferdigstillast i august 2013
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum er ferdigstilt og vart opna 8. september 2012.
- Sentrumstiltak – sentrum forandrar seg og framstår på ein heilt ny og spennande måte. I 2012 vart elveforbygging og gangveg på sørsida av Jølstra ferdig.
- Rekruttering av leiarar
- Delteke i effektiviseringsnettverk for styring av eigenkontrollen i kommunen
- Hafstadparken
- Felles planstrategi Sunnfjord
- Kommunal planstrategi 2012-2016
- Oppfølging handlingsplan for overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Førdeskulen har styrka sitt omdøme – beste skulekommune i Kommunebarometeret 2012
- Alle barn fekk oppfylt rett til barnehageplass innan august 2012 gjennom etablering av fleire nye avdelingar
- Førde kommune er utviklingsssenter for sjukeheimar og heimetenester
- Arbeidet med Samhandlingsreforma
- Fleire ansatte har gjennomført Demensomsorgens abc
- Førdepakken, Sykkelbyavtale og E39

Men for at det framleis skal vere slik at kommunen blir opplevd positivt, er det viktig å vere merksam på dei utfordringane som ligg framfor oss, til dømes:

- Prosess for reduksjon av driftsnivået er naudsynt for å skape handlingsrom i framtida. Skulebruksplanen og omorganiseringa av pleietenestene blir viktige prøvesteinar på om vi får dette til.
- At vi framleis klarar å gi tenester av god kvalitet innanfor stramme økonomiske rammer
- Større krav til kvalitet – tilsyn, eigenkontroll, avvik og brukarar med store forventningar
- Endra befolkningssamansetting
- ”Samhandlingsreforma” som vil utfordre både når det gjeld kompetanse og økonomi
- Oppfølging kommuneplanarbeid; arealplan og samfunnsplan
- Framleis fokus på Kompetanse- og barnehageløftet
- Tiltak for å redusere sjukefråværet
- Planlegging, finansiering og utbygging av E39/Førdepakken
- Hafstad bydel/Hafstadparken
- Innflytting i nytt Rådhus
- Moskog - næringsareal

Måloppnåing overordna handlingsplan 2012

Brucarane

- Resultat frå tilsynsbesøk og brukarundersøkingar viser at Førde har eit tenestetilbod innanfor dei nasjonale prioriterte områda som gjer av kommunen gjev innbyggjarane eit tilbod som stettar lova sine krav til kvalitet.
- Ca. 80 % av einingane gjennomfører brukarundersøkingar systematisk
- Elevundersøking syner at det er mindre mobbing i Førdeskulen enn i landet og fylket.
- Kulturskuleopptak, kulturmidlar, salsløyve for alkohol, motorferdsel i utmark og fiksgatami.no vart lansert som elektroniske tenester i 2012

Medarbeidarar

- Redusert uønska deltid er drøfta med hovudtillitsvalde. I ny arbeidsgjevvarpolitikk er det vedteke at dette skal arbeidast med i 2013.
- Gjennomført medarbeidarkartlegging i 2012 viser tilfredsstillande resultat for kompetente og nøgde tilsette og høve rekruttering
- Einingane har etikk jamleg som tema på personalmøter
- Det samla totale sjukefråværet var i 2012 på 7,85 %. Dette er under landsgjennomsnittet for kommunal forvaltning. Det er om lag 0,2 % lågare enn i 2011. Målsetjinga i Handlingsplan for 2012 var på 6,6 %. Mange einingar ligg under dette, men kommunen i sin heilheit ligg over. Det er spesielt innan Helse-og omsorg og barnehager at vi ligg over målsetjingane. Sjølv om kommunen følger ein nasjonal trend, så må det arbeidast vidare med dette innafor IA- avtalen. Sjukmelde får oppfølging i samsvar med retningslinene for Førde kommune.
- Likestilling/ hindre diskriminering er omtalt i årsmelding 2012.

Økonomi

- Pågåande prosess for reduksjon av driftsnivået har som målsetting at disponibel reserve i budsjettet skal utgjere 3 % av netto driftsutgifter i årsbudsjettet kvart år.
- I budsjett for 2012 var vedteken låneramme 27,3 mill kr mot betalte avdrag på 33 mill kr. I tillegg kjem investeringsprosjekt finansiert av kommunale avgifter eller husleigeinntekter.
- Driftsrekneskapen for Førde kommune i 2012 viser eit meirforbruk på 7,5 mill hovudsakleg frå einingar innan helse/ omsorg og teknisk. Budsjettrapporteringa har vore god i 2012 men meirforbruket utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune.
- Nivået på morarenter var på 53.000 kr i 2012. Dette er over målsetjinga på 16.000 kr.

Samfunn

- Fylkesdekkande tenester etablert i Førde i 2012: Senter mot incest og seksuelle tenester
- Folkehelseperspektivet og universell utforming er eit sentralt prinsipp i all kommunal planlegging.
- Energi, miljø og klima inngår i kommunal planlegging; målsetting i planprogram, kartleggingsrapport jordvern er starta i 2012 og gang og sykkelveggar i trafikkplan.
- Tiltak for reduksjon av klimagassutslipp; papirlaust rådhus/ politikarportal, handlingsplan miljøretta tiltak, etablert sykkelstativ ved skular.
- Miljøsertifisering av einingar/ bygg er ikkje gjennomført i 2012.
- Folketalet i Førde kommune auka med 2,0 % i 2012 mot ei målsetting på 1,5 %.
- Førde kommune har arbeidd aktivt for å gje eit godt inntrykk av Førde

Interne prosessar

- Førde kommune er ein lærande organisasjon ved at det vert gjennomført refleksjon og intern vurdering i einingane
- I 2012 har det vore fokus på eigenkontroll gjennom deltaking i effektiviseringsnettverk. Dette vil bli fulgt opp i 2013 og implementert som ein del av etablert styringssystem i Førde kommune.

Kostra-tal

Befolkningsdata	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Andel kvinner	50	49,9	49,7	49,7	49,3	49,2	49,9	49,8
Andel menn	50	50,1	50,3	50,3	50,7	50,8	50,1	50,2
Andel 0 åringer	1,5	1,4	1,2	1,2	1,1	1,1	1,2	1,2
Andel 1-5 år	7,6	7,7	6,5	6,4	6	6	6,3	6,2
Andel 6-15 år	14,3	14,1	13,5	13,3	13,3	13	12,4	12,2
Andel 16-18 år	4,4	4,2	4,3	4,3	4,4	4,5	3,9	3,9
Andel 19-24 år	9	9,2	7,8	7,9	8,1	8,1	7,9	8
Andel 25-66 år	54,1	53,9	54,1	53,9	51,8	51,8	55,2	55,1
Andel 67-79 år	6,1	6,3	8,8	9,1	9,6	9,8	8,7	8,9
Andel 80 år og over	3	3,1	3,9	3,9	5,7	5,6	4,4	4,4

Folketalet i Førde auka med 2,0 % frå 12.307 pr. 31.12.2011 til 12.559 pr. 31.12.2012. Førde kommune har fleire innbyggjarar i aldersgruppene frå 0 til 24 år og færre i aldersgruppa over 67 år enn det vi ser i kommunar vi kan samanlikne oss med, gjennomsnittet for fylket og landet. Samtidig ser vi tendens frå 2011 til 2012 om nedgang i aldergruppa 0 til 24 år og auke i aldersgruppa over 67 år.

Finansielle nøkkeltal	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,5	3,7	1,9	2,5	2,6	2,2	1,7	2
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,6	4,1	1,6	2,9	1,6	2	2	2,7
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	209,4	218,2	193,1	197,4	200,3	206,9	187,2	188,8
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	25,8	26,4	22	21,6	16,5	17,9	20,6	19,9
Frie inntekter i kroner per innbygger	40982	44223	40782	43657	47565	50381	43445	46475
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	73922	81661	41913	44507	56174	60637	34430	36120

Kommuneøkonomien i Førde er prega av høg gjeld samanlikna med andre kommunar samstundes som kommunen har noko mindre frie inntekter (skatt og rammetilskot) enn fylket og landet. Netto driftsresultat er 4,1 % av driftsinntektene i 2012. Dersom vi korrigerer netto driftsresultat for inntekter frå mva-kompensasjon for investeringar som vert tilbakeført til investeringsrekneskapen er netto driftsresultat 0,5 %. Dette er eit svakt resultat for 2012.

Prioritering	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	110672	121169	103668	111239	103989	114833	108525	115509
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	88455	92473	90370	95034	105192	110623	93314	97544
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	1558	1924	1744	1876	2441	2550	1939	2049
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	11908	12655	12787	13731	17571	19014	14028	14939
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2312	2459	2301	2427	1720	1764	2906	3018
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	3631	4522	5843	6469	5131	6147	6322	6874
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	3681	3752	3507	3477	5221	5555	3946	4126

Førde kommune brukar mindre midlar enn samanliknbare kommunar, fylket og landet innan skule, pleie- og omsorg og barnevern. Innan kommunehelsetenesta og administrasjon/styring ligg vi under landet og fylket men over samanliknbare kommunar. Innan sosialtenesta ligg vi under landet men over samanliknbare kommunar og fylket.

Førde kommune ligg høgt samanlikna med andre på barnehagekostnader pr. barn i alderen 1-5 år. Dette kjem av at ein større del av denne gruppa i Førde går i barnehage, og særleg er delen 1-2 år fleire % høgare. Dette er også den gruppa som kostar mest. Dersom vi ser på kostnaden pr. barn i barnehage kjem Førde ut om lag på same nivå som samanliknbare kommunar og med landsgjennomsnittet.

Oppsummert har Førde kommune ein effektiv tenesteproduksjon – noko vi har sett i fleire år.

Dekningsgrad	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,1	92,9	90,8	91,2	91,9	92,1	89,6	90,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,9	9,1	9	9,1	9,1	9,5	8,6	8,5
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,4	11,1	8,6	9	11,7	12,1	9,7	9,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8	8,6	7,8	8,1	9,9	9,6	8,6	8,5
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	97,3	94,8	95,7	89,5	93,8	93
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16,4	14,5	11,7	11,5	14,3	13,4	14,1	14,1
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4	3,8	3,5	:	3,1	:	3,8	3,7
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	2,6	3,5	4,6	:	4,3	:	4,7	4,8
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	9	97	32	1324	50	276	37	183
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	11	15	17	17	22	22	20	20

Sjølv om Førde kommune har mindre midlar til disposisjon enn andre kommunar kan kommunen tilby god dekning på tenestene. På nokre område skil kommunen seg ut – vi har fleire av innbyggerane over 80 år har plass på institusjon enn kva ein finn i kommunar vi samanliknar oss med, vi har færre bustader som kommunen disponerer og talet på barn med barnevernstiltak er lågt.

Stab og støtte

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Administrasjon	Jan Birger Moe	19,36	26	4,6
SYS-IKT	Åge Klausen	14	14	1,58
Rekneskap og skatt	Terje Guddal	18,4	19	8,34
Fagutvikling og koordinering	Øystein Høyvik	11,35	12	2,75

- I oversikta over stillingar og årsverk er det rekna med personar som er tilsett i prosjekt og mellombelse engasjement.
- Alle stabane har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med rutinane som IA-bedrift
- Rekneskap/skatt er økonomikontor for dei tre kommunane Førde, Gaular og Naustdal
- SYS-IKT er eit interkommunalt samarbeid som leverer tenester til 10 kommunar.

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Administrasjon	14 502	14 001	501	3 %
SYS-IKT (Førde sin del)	3 812	3 307	505	13 %
Rekneskap og skatt	7 145	6 736	409	6 %
Fagutvikling og koordinering	14 523	13 831	692	5 %
Samla	39 982	37 875	2 107	5 %

Alle stabseiningane kjem ut med mindreforbruk som samla utgjer 2,1 mill kr.

Forklaring til mindreforbruket;

- Vakanse i stillingar samt frikjøp av stillingar til prosjektarbeid
- Høgare sjukelønsrefusjon enn budsjettet. Innsparing på driftskostnader som kontor- og kopieringsmateriell, post og telefon. Sal av tenester til andre kommunar

Viktige hendingar

- Oppfølging og planlegging av nytt Rådhus
- Politikarportal – papirlaus utsending
- Delteke i effektiviseringsnettverk for styring av eigenkontrollen
- Starta prosjekt for innføring av nytt arbeidstidsplanleggingssystem
- Oppfølging av handlingsplan og tiltaksplanar for overordna arbeidsgjevarepolitikk
- Etablert nytt bortsettingsarkiv

Mål som vart nådd som forventa

Brukarane

- Gjennomført medarbeidarkartlegging i 2012 – tilfredsstillande resultat totalt sett.
- Tilfredsstillande utvikling innan elektroniske verktøy.
- Starta prosjekt i SYS IKT for implementering av ny kommunikasjonsplattform
- Etablert elektronisk betalingsløysing for kundar og leverandørar
- Vidareført månadleg budsjettoppfølging med einingsleiarane (fadderordning)

- Gjennomført brukarundersøking for SYS IKT
- Etablert og implementert Prosjekthandbok
- Kulturskuleopptak, kulturmidlar, salsløyve for alkohol, motorferdsel i utmark og fiksgatami.no vart lansert som elektroniske tenester i 2012

Medarbeidarar

- Det er arbeid med mange prosjekt i tiltaksplan for arbeidsgjevarpolitikken
- Oppfølging av sjukmelde i samsvar med gjeldande rutiner
- Har etikk jamleg som tema på personalmøter

Økonomi

- God økonomistyring
- Innsparingar ved nye elektronsike løysingar.

Samfunn

- Har omdømme som tema på personalmøter.

Interne prosessar

- Personalhandboka og HMS- handboka er komplett og implementert.
- Bruken av handbøker fungerer tilfredstillande
- Beredskapsplanen vert fortløpande justert og øvd på.
- Elektronisk saksarkiv er teke i bruk.
- Nytt bortsettingsarkiv er på plass
- Implementert nye modular i Agresso økonomisystem som rasjonaliserer drifta.

Mål som delvis eller ikkje vart nådde

Interne prosessar

- Ikkje ferdigstilt økonomihandboka, vil prioritere dette i 2013.

Utfordringar framover

- Implementere og ta i bruk elektronisk arkiv, nytt arbeidstidsplanleggingssystem og papirlaus kommunikasjon både internt og eksternt. Dette vil vere krevjande på mange måtar, og utfordre organisasjonen på mange områder.
- Følgje opp handlingsplanane i arbeidsgjevarpolitikken, og i IA-avtalen.
- Gjennomføre overordna ROS-analyse og ha ein oppdatert og optimal Krise- og beredskapsplan.
- Fungere optimalt i nye lokaler i nytt Rådhus.
- Ei viktig utfordring for SYSIKT vert å tilpasse organiseringa til å iverata nye arbeidsoppgåver og nye brukarar.
- Ny og utvida ikt-løysing for elevar i SYS kommunane med endring for lærarar.
- Etablere ny IKT strategi for 2014-2017
- Få avklart kva rolle fagutvikling og koordinering skal ha i høve arbeidet med styrings- og kvalitetssystem
- Bemanning/kompetanse knytt til skule- og barnehagesektoren
- Ressursar og kompetanse knytt til koordinatorrolla i ansvarsgrupper for barn med rett til individuell plan

Kostra-tal

Administrasjon, styring og fellesutgifter	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	5701	4037	3997	3810	5851	5941	4464	4637
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	3681	3752	3554	3486	5227	5565	4080	4258
Lønnsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	3217	2443	2483	2398	3628	3729	2839	2978
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr. pr. innb., konsern	338	287	371	331	636	589	389	351
Brutto driftsutgifter til funksjon 110 Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb., konsern	99	96	82	74	157	158	102	102
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb., konsern	4751	3141	3099	2933	4498	4596	3415	3583
Brutto driftsutgifter til funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. innb., konsern	240	251	137	161	142	194	197	217
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb., konsern	274	261	309	311	417	404	361	383
Brutto driftsutg. til F 170 og 171 (premieavvik), i kr. pr. innb., konsern	68	-1016	247	-1085	-61	-1258	-49	-920
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb., konsern	29	-301	-163	280	125	-70	-422	-29
Brutto driftsutgifter til funksjon 190 Interne serviceenheter, i kr. pr. innb., konsern	0	0	17	15	36	36	95	89

Brutto driftsutgifter er frå 2011 til 2012 korrigert for kostnadar til interkommunalt samarbeid (SYSIKT og rekneskap/skatt).

Vi ser av tabellen at Førde kommune har noko auke i netto driftsutgift pr. innbyggjar i administrasjon, styring og fellesutgifter frå 2011 til 2012. Nivået på netto driftsutgifter til administrasjon og styring i 2012 er noko høgare enn samanliknbare kommunar, men lågare enn fylket og landet.

Skule

Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Angedalen skule	Therese Helland	6,2	7	4,2
Flatene skule	Frode Solemdal/ Alvhild Flatjord konst frå 1.aug.	29,2	37	7,3
Frøysland skule	Lilly Grøneng	2,4	3	0
Førde barneskule	Åsmund Rakke	26	33	5,1
Førde ungdomsskule	Kjell Skaaheim	34	43	4,6
Halbrend skule	Åge Stafnes	40,6	49	3,2
Holsen skule	Synneve Reiakvam	6,3	8	6,6
Karstad skule	Britt N.Solheim	4,7	6	3,1
Slåtten skule	Turid Hatlem	46	56	5,2
Sunde skule	Anne Midtbø	17,3	22	8,2
Samla skule		212,7	264	

Økonomi

Einig	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Avvik i kr	Avvik i %
Angedalen skule	4.005	3.845	-160	-4
Flatene skule	15.112	15.016	-96	-0.6
Frøysland skule	1.874	1.873	-1	0
Førde barneskule	15.932	16.103	+175	+1.1
Førde ungdomsskule	23.648	24.151	+503	+2.1
Halbrend skule	28.055	28.342	+287	+1
Holsen skule	3.690	3.642	-48	-1.3
Karstad skule	3.135	3.006	-129	-4.1
Slåtten skule	23.062	23.289	+227	+1
Sunde skule	9.997	9.948	-49	-0.5
Felles Rådmann	4.176	4.058	-118	-2.8
Samla skule	132.675	133.274	+599	+0.4

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Førdeskulen	<p>I 2012 har Førdeskulen styrka sitt omdøme gjennom å bli kåra til Norges beste skule kommune i Kommunal rapport sitt Kommunebarometer. Dette er samansett av faglege resultat for 2011 på Nasjonale prøver, Eksamensresultat/grunnskulepoeng men også bruk av ressursar til t.d. PC . Det var på resursbruk vi kom dårlegast ut. I tillegg har vi hatt besøk frå andre kommunar og leiarar i Førdeskulen har presentert vår måte å jobbe på andre stader i landet. Dette har vore svært god omdømebygging for Førde.</p> <p>Elevane i Førdeskulen trivast også svært godt og det er lite mobbing</p>
Halbrend/Førde ungdomsskule	<p>Opprustinga av Halbrend skule vart også på det næraste ferdig i 2012 og skulen framstår no som ein moderne skule etter dagens standard.</p> <p>Opprustinga av Førde ungdomsskule har også halde fram i 2012,og er no inne i siste fase med avslutning i løpet av våren 2013.</p>
Kvalitetssystem for Førdeskulen	<p>Kvalitetssystemet for Førdeskulen har blitt vidareutvikla dette året, og innhald no krav om at det skal gjerast vurderingar av resultatane frå alle undersøkingar og testar både på individnivå og systemnivå. Det skal også utarbeidast tiltaksplanar for å setje ut i livet tiltak som oppfølging av desse vurderingane. Kvalitetsutvikling skal stå i fokus på alle nivå. I løpet av 2012</p>

	har alle skulane gjennomført dette og systemet ser ut til å fungere godt.
God budsjettstyring	Rekneskapen for skulesektoren syner eit avvik på 599.000 kroner av eit netto budsjett 132 mill. Dette syner at det er utøvd svært god budsjettstyring i dei fleste skulane. Det syner også at det går å ha god økonomistyring og få gode resultat innanfor svært stramme rammer. Men dette resultatet kjem m.a. av at leiarane utøver ein jobb som går langt utover det som normalt kan forventast innanfor normal arbeidstid.
Tilsyn	Vi hadde i 2012 fleire tilsyn frå Fylkesmannen som førte til avvik. Dette utfordrar skulane og kommunenivået på å ha god nok rutinar for at opplæringslova m/forskrifter og læreplanen blir fylgt etter slik krava er definerte.
Skulebruksplan	Bystyret vedtok at det skulle lagast ny skulebruksplan, og at det skulle sparast 2.1 mill. Denne planen vart sendt på høyring i november 2012. I samand med dette vart det gjennomført orienteringsmøte om planen på alle skulane. Her møte politikkarar og kommuneadm. foreldrene og dette førte til ein godt prosess rundt planarbeidet. Vedtak i planen vart gjort i 2013
Innsparing	I tillegg til innsparing på struktur, skal sektoren spare 1.4 mill. I 2012 var det fleire grupper som arbeide for å sjå kvar innsparingane kunne takast. Noko av dette som innsparing på vikarbruk og i SFO vart sett i verk 2012. Resten skal på plass i 2013.

Mål som vart nådd

- Elevundersøkinga syner at det er mindre mobbing i Førdeskulen enn i landet og fylket. Førde kommune har også slutta seg til manifest mot mobbing og dette vert fylgt opp på alle skular. Vi må difor kunne seie at målet for 2012 er nådd sjølv om vi ikkje nådde målsetjinga om 100% mobbefritt skulemiljø.
- 96.6 % av elevane i Førde i 7.klasse svarar at dei trivast på skulen. For 10.klasse er resultatet 82 %. Målet er sjølv sagt at alle skal trivast, men trivselen i Førdeskulen er langt over landsgjennomsnittet og resultatet for 7. var i tråd med målet som vart sett. For 10.klasse var det for lågt, men samla må vi seie at målet er nådd.
- I 10.klasse svarer 86% av elevane i 10. klasse at dei får nok utfordringar og 63 % at undervisninga er tilpassa deira nivå. Målet var h.h.v 85% og 77% og syner at vi er godt på veg mot målet på tilpassa opplæring i Førdeskulen.
- På spørsmålet om dei vert uro av andre elevar som lagar bråk i timane, svara h.h.v. 7. og 10 steget 4,6%/5.7%. Dette er framgong for 7.klasse, men litt tilbakegang for 10.klasse. Målet er sjølv sagt 0% på lenger sikt, men resultatet er i samsvar med målet på 5% som vart sett for 2012.
- På 10..steget svarar 56% av elevane at dei nyttar data meir enn 1 gong i veka på skulen og dette er betre enn målet vi sette på 45%.
- Målet om berre 5% under kritisk grense på kartleggingsprøvene i 2. klasse i lesing og rekning vart nådde. Resultatet var 6% i lesing og 1.6% i rekning
- 88% av elevane i 7.kl. var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Dette er over målet på 80%.
- På nasjonale prøver i rekning i 5. og 8. klasse held vi dei gode resultatata frå tidlegare år. Målet om mindre enn 20% på nivå 1 på 5.steget og mindre 15% på nivå 1 og 2 på 8.steget er nådd. Vi nådde også målet om at 35% skulle vere på nivå 3 i 5.klasse og 20% på nivå 5 i 8.klasse

- Resultatet på Nasjonale prøver i 9.klasse i lesing og rekning er h.h.v.3.8 og 3.8. Dette er godt over landsgjennomsnittet og målet her er nådd.
- Eksamensresultatet i norsk vart på 3.6 i hovudmål og 4.1 i sidemål. Målet var 3,9 og samla sett kan vi seie at målet er nådd.
- Forkjellen mellom eksamen og standpunkt i norsk var 0.1, og målet om 0.3 eller mindre er nådd.
- Målet om 0.2 eller mindre i forskjell mellom eksamen og standpunkt til eksamen i matematikk i 10.klasse er nådd.
- Rektor si skulevandring for å gje lærarane faglege tilbakemeldingar fungerer no bra Dei fleste lærarane har gjeve tilbakemelding om at dei er nøgde med dette systemet.
- Målet om at alle klasserom skal ha ein PC tilkobla nettverk og prosjektor vart nådd. I tillegg har mange av skulane fått tilgang til den nye serverløysinga som SYS IKT har utvikla.
- Målet er at resultata frå ulike kartleggingar skal drøftast med foreldra og dokumentasjonen syner at dette no er gjennomført i dei fleste klassar og skular.
- Alle skular drøftar no resultata frå alle kartleggingar og undersøkingar og utarbeider tiltaksplanar på basis av drøftingane slik målet var. Dette er stadfesta gjennom skulane sine årsmeldingar og innsending av rapportar.
- Dei tilsette i skulane er meir tilfreds med moglegheita til fagleg utvikling i jobben. På medarbeidarkartlegginga har dette auka frå 4.4 til 4.7 og målet er dermed nådd.

Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Færre elevar var 2012 nøgde med informasjonen i høve val av v.g.opplæring, og resultat på 67% fornøgde var betre enn målet på 80%. Det syner at det må jobbast enno meir på dette området.
- På 7.steget svarar 50% av elevane at dei nyttar data meir enn 1 gong i veka på skulen. Dette er ein stor framgang men likevel langt unna målet vi sette på 85%.
- Av elevane på 10.steget er det berre 29% som svarer at lærarane spør dei korleis dei vurderer eige skulearbeid medan målet var 35%
- Av elevane på 10.steget er det berre 18% som svarer at lærarane spør dei korleis dei vurderer eige skulearbeid medan målet var 35%. På 7.steget er det 49% som svarer at lærarane spør dei korleis dei vurderer eige skulearbeid medan målet var 65%. Eigenvurering er eit av krava i forskrifta, og desse resultata syner at her må det jobbast meir framover.
- Elevane i på 7. og 10. steget svarer h.h.v. 72% og 58% at lærarane i alle/dei fleste fag fortel kva dei skal gjere for å bli betre. Dette syner at målet på 80% og 65% samla sett ikkje er nådd.
- Av elevane i 10.klasse svarar 61% at lærarane har snakka om kva som vert kravd for å oppnå dei ulike karakterane , og dette var ein nedgang frå 2011. Målet var 78% og målet er ikkje nådd
- 32% av elevane i 10.kl var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Dette var ein nedgang frå året før, og målet vart ikkje nådd.
- Av elevane på 7.steget svarer 60 % att læraren fortel dei korleis dei kan vere med på å bestemme korleis dei skal arbeide med faga og det er ein tilbakegang frå året før Målet på 75 er ikkje nådd, og dette området må det jobbast meir med.
- På nasjonale prøver i skriving i 5.klasse vart ikkje resultatet godt nok og vi ligg under nasjonalt nivå. Resultatet vart 31% på nivå 1 medan målet var 18%. Dette er ein negativ endring frå året før og syner at her må det jobbast vidare.
- Eksamensresultatet i matematikk på 3.4 er ein del unna målet på 4.1. Likevel ligg Førde framleis over landsgjennomsnittet.

- .Talet på elevar som får spes.ped auka frå 8.9% til 9.1% og målet om nedgang til 8.5% vart ikkje nådd. Her ligg vi godt over landsgjennomsittet og dette må det jobbast vidare med.
- Elevtalet pr lærar auka og målet om meir tilpassa elevar gjennom færre elevar pr lærar vart ikkje nådd.

Utfordringar framover

- Vi er komne langt i den digitale utviklinga av Førdeskulen, men den Serverplattforma vi laga i 2005 for elevnettet held ikkje lenger mål. Vi gjennomførte ei oppgradering i 2012, og dette vil halde fram i 2013 for kunne halde tritt med utviklinga. Vi er også gang med å fornye maskinparken til elevane og er her ferdig på ungdomssteget. Vi må også fornye og utvikle dei pedagogiske programvarene . For å få dette til må kompetansen på kommunenivå aukast og det må avsetjast tid/få på plass kompetanse på kvar einskild skule for å fylgje opp lærarane. I tillegg må det setjast av faste ressursar kvart år for å fornye utstyret sidan slik maskinvare har relativ kort levetid (Maks 3-4 år)
- Svært knappe midlar til drift over lang tid slår no ut på mangel på læremiddel utstyr for elevane og har konsekvensar for deira læring. M.a. hemmar det no den satsinga vi no gjer på Leseutvikling og veileda lesing for å rette opp dei dårlege resultatata på leseundersøkingane. Satsinga vil kreve mykje meir tilgang på tilpassa lesemateriell. Ei av dei store utfordringa i norsk skule er å få auka elevane si forståing m.a. av ulike begrep. Dette vil krevje mykje meir konkretiseringsmateriell i dei ulike faga for å få til.
- Det vert stadig fleire elevar med spesielle behov som krev store ekstra ressursar. Mangel på slike ressursar går kvar dag utover kvaliteten på det tilbodet vi gjev, men det aukar også slitasjen på dei tilsette og kan på sikt føre til auka sjukefråvær. Mangel på midlar til å setje inn vikarar forsterkar berre desse problema. Vi ser også at prosenten elevar med spes.ped. vedtak aukar medan målsetjinga var ein nedgang.
- Auken i tal lærarar over 55 år som skal ha nedsett leseplikt fører til at elevane får færre undervisningstimar. Skulane må få kompensert dette for å kunne halde opp kvaliteten i Førdeskulen
- Alle skulane gjev uttrykk for at det administrative trykket har auka over tid utan at dei administrative ressursane har auka. Dette samsvarer med det som Tidsbrukutvalet har påpeika, og vi må sjå på korleis vi kan styrke dei administrative og pedagogiske støttesystema for å gjer rektorane våre til enno betre leiarar.
- Vi har hatt stor utskifting av rektorar i Førdeskulen dei siste åra. Samstundes har skulane i Førde utvikle seg i noko ulik lei, og omgrepet Førdeskulen har vore i fare. I 2012 har vi starta satsinga på fornyinga av Førdeskulen fram mot 2015, og dette arbeidet må intensiverast i 2013.

Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Andel 6-15 år av innbygg.	14.3	14.3	12.4	12.4	13.3	13.3	13.5	13.5
Nettodrift grunnskuleoppl. i % av samla driftsutg.	33.5	33.5	29.8	29.8	31.4	31.4	33.1	33.1
Prosentelevar som får spes.ped.	8.9	9.1	9.0	8,5	9.1	9,5	8.6	9.1
Grunnskulepoeng	43.6	40.4				41.2		40
Netto driftsutg. pr. innbygger 6-15 år	88.455	92 473	92.259	97544	104288	110623	89.579	95034
Netto driftsutg. til lokaler og skyss pr.innb.6-15	15.330	14 924	17.601	17 732	17.974	18 994	16.227	19451
Gj.snitt gruppestorleik 1. - 10. klasse	13.4	13.7	13.6	13.7	11.1	11.2	13.8	13.8
Gj.snitt gruppe 1.-4.	12.4	12.8	13.2	13.3	10.5	10.5	13.5	13.5
Gj.snitt gruppe 5.-7.	12.9	12.9	13.0	13	10.3	10.6	12.8	12.9
Gj.snitt gruppestorleik 8. – 10. klasse	15.4	15.8	14.7	14.7	12.8	12.8	15.1	15.1
Datamaskin pr.elev								
Driftsutg. Inventar og utstyr pr. elev	562	746	850	850	976	841	744	779
Driftsutg. underv. matr. pr. elev	1073	1478	1774	1390	1761	1757	1377	1427
Overgang v.g.skule	95.5	97.7	96.6	97.8	98.6	98.7	97.7	98

Kommentarar:

Kostrata tala syner at Førde framleis har ein mykje større del av befolkninga i alderen 6-15 år enn dei fleste andre kommunar. Difor må også kommunen nytte ein tilsvarende større del av budsjettet sitt på denne gruppa enn dei fleste andre kommunar. Tala syner elles at Førde framleis nyttar ein del mindre pr. elev til grunnskuleundervisning enn gjennomsnittet. Dette til tross får vi svært gode faglege resultat, noko m.a. stor auke i grunnskulepoeng syner.

KOSTRA tala underbygger elles det som er sagt om manglande midlar til drift i skulane, og at Førde brukar så mykje mindre i midlar til inventar og utstyr og undervisningsmatriell enn andre kommunar gir stor grunn til bekymring.

Barnehage

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Halbrend Barnehage	Sidsel H.Øvrebotten	15.2/16	20/19	3.3
Solsida	Elin Hagen	20.2	24	12.5
Slåttebakkane	Edel Karin L.Langeland. Til 1.okt ikkje styrar før 1.januar 2013	10		7.7
Sunde barnehage	Aase Leknes	14	18	16
Vie	Siv Gråberg	20.8	32	11.8
Førde Familiebarnehage	Åse Leknes	12	15	4.7
Karstad barnehage	Britt N. Solheim	3	5	3.1
Tusenfryd	Elin Røyseth	17.8	23	12.4
Vieåsen	Sissel Elin Årdal	23.5	25	11.8
Holsen barnehage	Synneve Reiakvam	6.3	8	6.6
Hatlehaugen barnehage	Anita Bolstad Indrebø	11	14	10.3
Ytre Hafstad barnehage	Jorunn Kleiven	15	17	15.7
Samla barnehage		168.8	232	

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Slåttebakkane barnehage	4 937	5 168	231	4,6
Halbrend barnehage	6 917	6 958	41	0,6
Vie barnehage	10 700	10 561	-139	-1,3
Sunde barnehage	5 778	5 949	171	3,0
Solsida barnehage	9 677	9 236	-441	-4,5
Førde familiebarnehage	6 241	6 011	-230	-3,7
Vieåsen barnehage	10 221	9 881	-340	-3,3
Tusenfryd barnehage	8869	8 841	-28	-0,5
Hatlehaugen barnehage	5 684	5 307	-382	-6,7
Ytre Hafstad barnehage	6 801	6 640	-161	-2,3
Karstad barnehage	1 817	2 163	346	19
Holsen barnehage	3 100	2 914	-186	-6
Private barnehagar	24 397	25 341	944	3,9
Rådmann	859	473	-386	-4,5
Samla barnehagesektoren	105 998	105 438	-560	-0,5

I 2012 var det store vanskar med å skaffe vikarar og mange leiarar nytta si tid til å vere vikar. Dette forklarar ein del av overskotet i barnehagane dette året.

Viktige hendingar

Barnehageplass til alle

I 2012 hadde alle med rett til barnehageplass fått plass til barnehagestart i august. For å få dette til måtte vi halde fram drifta i dei mellombelse barnehageavdelingane Hafstadhagen knytt til Tusenfryd og Kronborg knytt til Vieåsen barnehage. I tillegg utvida vi gruppene både i Vieåsen, Hafstadhagen og i Vie. For å få plass til dei siste med rett til barnehageplass valde vi å opprette ei ny gruppe på Kronborg ved å få på plass ein seksjonsbarnehage. Dette arbeidet

starta i slutten av juni og med god innsats av styrar og prosjektleiar var dette på plass i august. Sjølv om dette var ei mellombels avdeling, vart foreldra godt nøgde med tilbodet.

God budsjettstyring

Dei kommunale barnehagane i Førde kommune hadde eit godt resultat i 2012, med eit overskot på 1,4 mill. Dette viser at barnehagane har ein ekstremt god budsjettdisiplin. Dette resultatet balanserer overskridinga på tilskot til dei private barnehagane på 940.000 mill og fører til at sektoren samla kjem ut med eit overskot på 560.000 av eit samla budsjett på 105 mill.

Det er ein balansegang å klare å holde budsjettet, samstundes som det ikkje skal gå ut over drift/ tilbodet vi gjev brukarane.

Innsparinga skuldast i hovudsak mindre utgifter på løn. Det kan også vere vanskeleg å skaffe nok og kvalifiserte vikarar til ei kvar tid. Styrarar og assisterande styrar må ofte vere vikarar på grunn av mangel på vikarar. Det er også ei grense for kor mange vikarar ein kan nytte samstundes, for å gje eit tilfredsstillande tilbod til barna.

Jamt over yter barnehagane eit tilfredsstillande tilbod i periodar med sjukefråvær og mangel på vikar. Men vi ser at det pedagogiske tilbodet vert redusert, utviklingsarbeid stagnerer og personalet må prioritere tilsyn, tryggleik og grunnleggande behov. Ved fråvær og mangel på vikar maktar personalet i mindre grad å gjennomføre tiltak for barn med særlege behov, det vert vanskelegare å drive kartleggingsarbeid og å gjennomføre tiltak for å utvikle språk og sosial kompetanse, samt å førebyggje vanskar innan desse områda.

Mangel på vikar fører til høg slitasje på personalet, noko som igjen kan føre til auka sjukefråvær. Arbeidssituasjonen for dei tilsette er krevjande og kan vere utfordrande, men takka vere eit positivt personale med ståpåvilje og høg arbeidsmoral har barnehagane i Førde høg kvalitet på arbeidet som vert gjort. Personalet får gode tilbakemeldingar frå brukarane.

Kompetanseheving

Dei fleste styrarane og Ass. Styrarar starta på Styrarskulen våren 2012. Sjølv om det har vore fråfall, så vil 80% av leiarane ha gjennomført denne utdanninga våren 2013. Dette gjev ei veldig god kompetanseauke i leiargruppa i barnehagane.

20 av assistentane i Førdebarnehagen starta hausten 20 12 på siste året av førskulelærerutdanning. Dette vil gje ei stor kompetanseheving i Førdebarnehagen. Dette er i tillegg gjort utan at barnehagesektoren er tilført nye midlar.

Mål som vart nådd

- 1.august fekk den siste med rett til barnehageplass eit tilbod i den nye avdelinga vi oppretta på Kronborg. Vi hadde med det nådd målet om full barnehagedekning. No har 92.9% av alle barn mellom 1 og 5 år barnehageplass i Førde. Med dette er det fleire som har barnehageplass i Førde enn i fylket og landet. Særleg for dei minste borna har vi stor andel i barnehage.
- I gruppa 3-5 år har 99.5% barnehageplass.og med det har stort sett alle eit likt utgangspunkt når dei kjem på skulen.

- Systemet for overgang barnehage er i funksjon og fungerer svært bra. Skulane tek i mot og nyttar TRAS etter intensjonane. Vi har fått til gode overgangar og at samarbeidet føregår på likeverdig grunnlag.
- Alle barnehagane har verdidokument på plass som er i aktiv bruk.
- Ikkje registrert mobbing i barnehagane
- Alle barnehagane nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna og som dokumentasjon for verksemda.
- Overgangen barnehage- skule fungerer godt i tråd med den kommunale planen.
- Brukarundersøking våren 2012 synte at foreldra var svært godt nøgde med tilbodet i barnehagane. På ein skala frå 1-6 oppnådde barnehagane 5.2. Det punktet som drog ned var dei fysiske tilhøva i barnehagen.
- Dei tilsette er meir tilfreds med den faglege utviklinga i jobben. Resultatet vart 4.6 på medarbeidarkartlegginga

Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Andelen tilsette i barnehagane i Førde med førskulelærer utdanning har gått ned til 27% og vi er langt unna målet om 50%. Vi ligg også godt under fylket og landet. Det positive er at alle dei 20 førskulelærarane som går på den desentraliserte førskuleutdanninga har halde fram med studiet og er ferdig no til våren.
- Andelen menn i barnehagane i Førde har gått ned 13.2 til 11.9. Sjølv om vi difor er eit stykke unna målet om 15%, har vi så mykje større andel menn enn fylket og landet.
- Vi nådde ikkje målet som var sett i høve resultatet av arbeidet med språkutviklinga i barnehagane.
- Det vart gjennomført felles planleggingsdag i oktober, men andre felles tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagane vart ikkje gjennomført i 2012. Grunnen er manglande kapasitet og kompetanse på kommunenivået men også at det var høg aktivitet med mange assistentar på førskulelærerutdanning og styrar og ass. styrarar på Styrarskulen.

Utfordringar framover

- Utfordringa komande åra er å få på plass den nye private barnehage som skal overta for 3 av dei mellombelse løysingane vi enno har. I ny St.melding om barnehage, er det også framlegg om å endre forskriftene om Familiebarnehagar. Dette medfører at alle barnehageavdelingane i Førde fell utanfor lova sine krav og må erstattast av andre tilbod på sikt. Dette utgjer 5 småbarnsavdelingar
- Barnetalet i Førde har aukar dei siste 5 åra, men fødselskullet 2012 var 20 mindre. Er dette ein trend eller er dette berre naturlege variasjonar. Dersom dei store fødselskulla held fram vil det utfordre oss på behov for enno fleire barnehagar.
- Førde sin andel av born i alderen 1-5 år er mykje høgare enn både landet og samanliknbare kommunar. Dette saman med utfordringane i førre punkt gjer at vi må få på plass fleire barnehagar framover. Det vil også utfordre kommunen på at vi må bruke meir midlar på barnehage enn andre.
- Dårleg førskulelærardekning har gjeve oss store utfordringar i høve utviklinga av kvaliteten i barnehagane framover. Den desentraliserte førskulelærerutdanninga som er sett i gang i Førde vil hjelpe på denne situasjonen på denne situasjonen frå hausten 2013. Utfordringa no vert å få fokus på kvalitet og oppfølging av St.meld 24.
- Driftsmidlane har ikkje halde tritt med den store auken i barnehageplassar, og dette fører til stor mangel på utstyr/fornyng av utstyr i barnehagane. Dette vil på sikt gå utover tilbodet til borna.

- Mange av barnehagane treng opprusting både ute og inne, og dette er ei stor utfordring å få på plass i åra som kjem
- Frå 01.01.2011 vart dei øyremerka midlane lagt inn i rammeoverføringane til kommunane. Det vart overført midlar til nokolunde å halde fram med eksisterande drift. Utfordringa er at kommunen må ta heile kostnaden med nye plassar, og det er ei stor utfordring når kvar plass kostar ca 150.000 kr. Vi merkar dette også på at born som ikkje har rett til barnehageplass likevel får tilbod i private barnehagar i nabokommunar som så sender rekninga til Førde.
- Det ser ut til at talet på born med ekstra hjelpebehov aukar, og utfordringa vert då å ha nok midlar til å ta imot desse borna på ein forsvarleg måte. Her er vi på grensa av det forsvarlege no.
- Vi må styrke arbeidet med språkutviklinga til borna i barnehagen. Dette vert ekstra viktig ettersom vi dei siste åra har hatt synkande resultat på Nasjonale prøver i lesing på barnesteget.
- Den største utfordringa er likevel å få oppfylgt innsparingskravet på barnehagesektoren på 2,5 mill samstundes som vi har dei utfordringane i punkta framfor. Dette vil måtte gå utover kvaliteten i barnehagetilbodet.

Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Andel innb. 1-5 år	7.6	7.7	6.3	6.2	6.0	6	6.5	6.4
Netto driftsutg. for barnehg. i % av tot. drift	18.8	19.5	14.6	14.6	11.8	12.4	15.3	15.4
Netto drifts. utg. pr. innb. 1-5 år	110672	121169	108696	115509	103816	114833	103768	111239
% barn 1-5 år i b.hg	93.1	92.9	89.6	90.1	91.9	92.1	90.8	91.2
% barn 3-5 år i b.hg	99.5	99.3	96.5	96.6	98.6	98.7	97.6	97.6
% barn 1-2 år i b.hg	83.5	83.5	79.5	80.2	81.5	81.7	80.8	81.3
Brutto driftsutg. Pr. kommunal bruker	147278	160369	149928	157297	139216	148736	147727	156987
Utgifter til kom. Bhg pr. opph. time	50	53	50	52	48	50	49	52
Andel menn i barnehage	13.2	11.9	8.3	8.5	6.3	6.3	6.9	7
Andel tilsette med førskulelærarbak grunn	30.1	27.2	32.4	33.3	32.5	33.9	32	33.3
Tal barn pr. årsverk korrigert for alder	6.3	6.1	6.6	6.2	6.9	6.1	6.9	6.2
Leike og opphaldsareal	5.6	6	5.5	5.5	6.1	6.1	5.5	5.5

Kommentar

Førde kommune har mykje større andel barn i aldregruppa 1-5 år enn både landet og Kostragruppe 8. I tillegg har større del av borna som går i barnehage enn andre. Det betyr at Førde kommune må bruke større andel av budsjettet på barnehage, men også at vi vil bruke meir pr born relatert til samla tal i aldersgruppa.

Andre tenester innanfor oppvekstsektoren

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Førde Norsksenter	Ole Magnar Stein	14.2	17	3.1
PPT	Asbjørn Knapstad	14/15.3	18	9.6

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Førde Norsksenter	6862	6833	-29	-0.4
PPT	6043	5843	-200	-3.5
Samla	12905		-229	-1.7

Viktige hendingar

- Både Norsksenteret og PPT har drive god budsjettstyring i 2012 og kjem ut med eit samla overskot på 229 000.
Dette bidreg bra til det samla resultatet for oppvekstsektoren med eit samla overskot på 190 000
- Førde Norsksenter tok i bruk ein del nye lokaler våren 2012
- PPT har utvida sine stillingar gjennom at nokre kommunar kjøper meir tenester

Mål som er nådde

- PPT har halde målet om maks 3 mnd ventetid før igangsetjing av saker
- Gode medarbeidarundersøkingar som syner nøgde medarbeidarar. PPT har 5.5 på medarbeidartilfredsheit.
- PPT har fått på plass ny prosedyrehandbok
- Har gjort klar systemet for skulering av alle pedagogane i barnehagane gjennom Modellkommuneforsøket
- Førde kompetanseteam fungere godt som lågterskeltilbod ute i barnehagane.
- Førde Norsksenter har gjennomført informasjonsmøte om integrering av flyktningane i resten av den kommunale organisasjonen
- Gjennomført omfattande kompetanseheving for dei tilsette. 8 lærarar deltek i vidareutdanning i regi av Høgskulen og Fylkesmannen.
- Elevane på Norsksenteret får gode faglege resultat.
- Førde Norsksenter har sjukefråvær på 3-1% og dermed nådd målet om under 5%

Mål som er delvis eller ikkje nådde

- PPT har ikkje klart å redusere talet på saker pr. sakshandsamar p.g.a. ressursituasjonen

Utfordringar framover

- Det er alltid ei utfordring at elevmassen varierer og dermed er det uforutsigbart kor store dei statlege tilskota blir. Men dette er noko dei som driv med flyktningar må leve med.
- Utfordringar i busetting av Flyktningar er å skaffe nok bustader. Dette må det jobbast vidare med i 2013.04.12
- Å få heile den kommunale organisasjonen til å ta eit felles ansvar for integreringa av flyktningane.
- PPT har tronge rammer og utfordringa er å få forventningane frå brukarane til å gå i hop med dei ressursane tenesta rår over.
- Gjennomsnittsalderen i PPT er høg, og utfordringa framover er å rekruttere nok nye fagfolk med høg kompetanse.
- Få på plass ei velfungerande dataløysing som stettar krava til sikkerheit og tilgjenge.
- Få PPT sin organisasjon til å fungere i det nye Rådhuset

Helse og barn

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Helse og Barn		Ingen	21,45	28	7,63%
	Helsestasjon	Lillian Vassbotten	11,45	18	
	Barnevern	Gro Byrkjeflot	10	10	

- Eininga er delt opp i fagavdelingar som består av barnevern, helsestasjon.
- Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Helse og Barn	30 147 209	31 701 653	1 554 444	5,15

Årsak til det økonomiske avviket

Meirforbruk i rekneskapen er knytt til Barnevernstenesta

- Mange nye tyngre tiltak
- 3 nemnd saker.
- Fleire fosterheimssaker.
- Bruk av konsulent og advokat.

Viktige hendingar

- Bu og avlastning vart overført til Bu- og miljøtenesta
- Helse og barn har vore utan einingsleiar sidan medio mars 2011. Medan einingsleiar har vore i permisjon har fagleiarane hatt eit utvida ansvar.
- Vidareutvikling av det tverrfaglege samarbeidet bl.a. gjennom Modellkommuneforsøket.
- SIS kommunane har kartlagt behov for samarbeid i barnevernet og konkludert med at det ikkje vert eit interkommunalt barnevern.

Mål som vart nådd

- Barnevernet hadde ingen fristbrot ved utgangen av 2012.
- 2 helsesøster fullførte 15 studiepoeng vidareutdanning i oppfølging av overvekt.
- 1 helsesøster fullførte 60 studiepoeng vidareutdanning i psykososialt arbeid blant barn og unge.
- Alle tilsette deltok på opplæringspakke knytt til Modellkommuneforsøket inkl. tilbod om rettleiing.

Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Det er ei utfordring for helsestasjonstenesta at stadig nye faglege krav, oppgåver og ansvar vert lagt til tenesta utan at det vert tilført nye ressursar. Skal ein følgje retningslinjene til punkt og prikke, så krev det mykje ressursar.

Utfordringar framover

- Barnevernet vil ha utfordring med å ha stabil bemanning, redusere sjukefråværet, unngå fristbrot.
- Barnevernet vil ha utfordring med å halde budsjettet, grunna auke i tyngre saker.
- BUFETAT endrer tilbodet sitt til kommunane, som vil utfordre kommunene til å måtte utføre fleire tiltak sjølv.
- Helsestasjonen: Tidleg utskriving i frå barsel gjer at helsestasjonen må tidleg inn, og mange nyfødde/familiar treng til dels mange ekstrakonsultasjonar den første tida.
- Få eit meir fokus på førebyggjande helsearbeid mot barn og unge. Utfordringa her er å klare å vri økonomiske prioriteringar over på tidleg intervensjon og førebyggjande helsearbeid, og då på sikt få ned økonomien på behandling og tyngre tiltak.
- Stette nasjonale retningslinjer innafør helsetenester. Førde helsestasjon har per i dag ikkje tilstrekkelege ressursar til å følgje alle tilrådde konsultasjonar i tråd med nasjonale rettleiarar. Prioriteringa av helsestasjonstenesta 0-6 år har gått på bekostning av tilbodet i grunnskule og vidaregåande skule.

Kostra

Helsestasjonen	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Andel nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst.	84	77	78	79	74	81	92	80
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	105	100	103	96	102	97	102	97
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	99	102	97	91	98	96	97	86
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggjarar 0-5 år. Funksjon 232	7,2	8,6	5,6	5,5	9,8	9,5	5,4	5,9
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelset. pr. innb 0-20 år, konsern	1792	1 982	1693	1861.	11718	1892	1649	1822

Barnevern	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Stillingar med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	2,2	2,8	3,1	3,4	2,5	3	2,8	3,2
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	3 631	4 522	6 322	6 874	5 131	6 147	5 843	6 469
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (f. 244), prosent	36,4	38,8	33,7	35,2	33,7	34,4	32,4	33,4

Helsestasjonen ligg litt over gjennomsnittet når det gjeld forebygging, helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Barnevernstenesta har låge driftsutgifter pr. innbyggjer 0 – 17 år.

Legetenesta og rehabilitering

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Legeteneste og rehabilitering		Aud Storøy	16,8	19	5%
	Legesenteret		10,8	13	
	Fysio/ergoterapi		6	6	

- Eininga er delt opp i fagavdelingar som består av Legesenteret og Fysio/ergoterapitenesta.
- Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Legeteneste og rehabilitering	16 175	15 347	- 827	-5,12%

Viktige hendingar

- Ny einingsleiar var på plass 01.05.12.
- Det vart iløpet av 2012 oppretta 100% sjukeheimslegeressurs

Mål som vart nådd

- Tilsett ny lege i legheimel/sjukeheimslege.
- Medarbeiderundersøking er gjennomført.
- Deltidsstillingar er auka opp. Score på medarbeiderkartlegginga på spørsmålet: «moglegheita for å få tilpassa di stillingstorleik til dine behov» er 5,7.
- Førde kommune har inngått eit interkommunalt samarbeid kring samfunnsmedisin, miljøretta helsevern og smittevern.
- Arbeidsgruppe for utvikling av framtidig legeteneste og senter er i gang..

Mål som ikkje vart nådd

- Ikkje gjennomført brukarundersøking.
- Er ikkje komen i gang med fornying av fastlegeheimlar

Utfordringar framover

- Fysio- og ergoterapitenesta har auke i tal brukarar og auke i utlån av hjelpemiddel gjer det enda meir utfordrande å prioritere ut i frå knappe ressursar.
- Arbeid med å byggje opp rehabiliteringsplassar på Helsetunet, samt rettleie personal i heimetenesta og på Helsetunet på rehabilitering og kvardagsrehabilitering.
- Legesenteret har i dag ikkje ledige lokalitetar til nye legar, og det må avklarast korleis vi skal løyse dette. Ei arbeidsgruppe ser på dette.
- Behovet for fastlegar fram mot 2020 må kartleggast og planleggast.

Kostra

Fysio-ergoterapi	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Fysioterapiårsverkr pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	8	8,6	8,6	8,5	9,9	9,6	7,8	8,1

NAV

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
NAV	Magne Kjetil Berg	11,5	14	2,1 %

Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med IA.

Økonomi

Eining	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Avvik i kr	Avvik i %
NAV	19 744 430	19 751 320	-6 890	-0,03%

Mål som vart nådd

- Ingen ungdom skal gå utan arbeid, tiltak eller tilbod om oppfølging i høve tiltak.
- Innvandrarak og flyktingar frå andre verdsdelar: Dei fleste i målgruppa har oppfølging i kvalifiseringsprogram, der det er god oppfølging.
- Mottakarar av sosialhjelp som hovudkjelde til livsopphald: Alle som skal ha oppfølging mot arbeid og aktivitet får oppfølging og behov for økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving får dette.
- Arbeidsledige får tidlegare oppfølging for å redusere tal på langtidsledige.
- Barnefattigdom er eit viktig tema som vert fulgt opp.
- Eininga bidreg i modellkommunesatsinga, som har eit førebyggjande fokus på born i alder 0 – 6 år.
- Eininga har hatt student i 2012.
- Målsetting sjukefråvær under 6%, i 2012 var det på 2,1%.
- Kontoret har stabil og god måloppnåing som tyder på god kontroll på oppfølgingsarbeid og –metodikk. Marknadsarbeidet har forbettringspotensiale, men NAV Førde har hatt god utvikling på tross av stillingsreduksjonane.

Utfordringar framover

- Stabilitet i bemanning: Dette vert vurdert som viktigaste enkeltfaktoren for stabilitet og vidare utvikling av tenestene i kontoret.
- Kompetanse/kompetansebygging: Dei tilsette skal handtere eit stort spekter av kompetanse, som må vidareutviklast for å levere gode tenester også framover.
- Samarbeid på tvers av kommunar: I marknadsarbeidet er det lagt til grunn at kontora i regionen må samarbeide om tenester. Dette må vidareutviklast og kanskje avklarast nærmare kva det skal innebære i partnerskapet.
- Auka kontakt og samarbeid med næringslivet: Eininga må i større grad få tilgang til stillingar i marknaden, for å kunne drive godt oppfølgingsarbeid og gje fleire muligheter til dei arbeidsledige.
- Ha fokus på dei svake gruppene i lag med arbeidsretta fokus: Eininga har eit stort spekter av brukarar som skal ha ulike typar oppfølging, og prioriteringar må gjerast. Personar som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølv, born som lever i familiar/med foreldre som har det vanskeleg økonomisk og/eller rus/psykiske vanskar er brukarar som kan bli ”gløymde” om ikkje fokuset vert halde høgt og så på desse.

- Tilgang til egne bustader: Fleire bustader til vanskelegstilte vil lette arbeidet med overgang til arbeid, dyre mellombelse løysingar og fokus på arbeidsretta oppfølging framfor «brannslukking». Kommunen bør sarte arbeidet med bustadsosial- handlingsplan.

NAV	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern	1422	1516	1797	1 867	1004	1032	1392	1 467

Pleie og omsorg – miljøarbeidartenester og dagtilbod

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Psykiatritenesta	Børge Tvedt	22	30	7,22%
Bu- og miljøtenesta	Harald Bjarte Reite	49	74	13%
Kronborg ressursshage	Halvard Brekke	16,1	18	9,46%

Alle einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA. (inkluderande arbeidsliv).

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Psykiatritenesta	9 314 483	8 685 993	-628 490	-6,5%
Bu- og miljøtenesta	36 559 000	37 703 000	1 144 000	3,1%
Kronborg ressursshage	10 925 171	11 136 520	211 349	1,9%

Psykiatritenesta har i 2011 hatt underforbruk. Bu – og miljøtenesta og Kronborg ressursshage har hatt overforbruk.

I Bu – og miljøtenesta skuldast dette i hovudsak kjøp av avlastningstenester i starten av året, samt endringar av behov for brukarar i Bu – og miljøtenesta.

Overforbruket på Kronborg ressursshage skuldast i hovudsak at eininga ikkje fekk tilført ressursar til brukarid 1322 i budsjetthandsaminga for 2012.

Underforbruket i Psykiatritenesta skuldast vakante stillingar, samt nedtak av tiltak og fokus på behov for innleige ved sjukefråvær.

Viktige hendingar

- Bu-og miljøtenesta og Bu- og avlastningstenesta vart ein eining.
- Avslutta eit tiltak til ein ressurskrevjande brukar i Bu- og miljøtenesta.

Mål som vart nådd

- Kronborg ressursshage harr fått eit breitt spekter av tilbod innafor opplæring og aktivitet.
- Kronborg ressursshage er komen godt i gang med samarbeid med frivillige.
- Målsettinga med 20% avbrukarane på eksterne arbeidsplassar er oppnådd i Kronborg ressursshage.
- Alle som ynskjer det får individuell plan.
- Systematisk IPLOS-registrering i einingane.
- Brukarundersøkingar i Kronborg ressursshage og andre tilbakemeldingar gjer at ein vurderer at dei fleste som nyttar tilbodet har eit fagleg tilfredsstillande dagtilbod. Likevel er det viktig å sjå at det ligg utfordringar i korleis tilbodet skal utviklast vidare. Kronborg ressursshage har nådd målet å ha 15% av brukarane på eksterne arbeidsplassar.
- Høgskulen gir psykiatritenesta rettleiingstilbod.
- Eininga Kronborg ressursshage har oppnådd måla «eininga skal kunne tilby fagleg og personleg utvikling» og at»tilsette opplever gode relasjonar til kollegar og der samarbeid om å løyse oppgåver er i fokus.

- Einingane Bu – og miljøtenesta har hatt oppnådd stor grad av kompetanseheving blant dei ansatte, men scoren på kor nøgde personalet er på kompetanseutvikling har gått ned i scoren i frå 4,2 til 3,8 på medarbeiderkartlegginga

Mål som ikkje er oppnådd:

- Er ikkje gjort grundig kartlegging på kor mange som ynskjer større stillingar. Score på medarbeiderkartlegginga på spørsmålet moglegheita til å tilpasse stillingsstørrelsen etter dine behov er: Bu- og miljøtenesta 4,7%, Psykiatritenesta 5,5 og Kronborg ressursshage 5,0.

Utfordringar framover

- Førde kommune er vertskommune for vesentlege delar av spesialisthelsetenesta sitt behandlingstilbod innanfor psykisk helsevern. Dette medfører press på tenestene og tilflytting av brukarar frå heile fylket. Dette vert berre i nokon grad kompensert ved refusjon.
- Behalde kompetente medarbeidarar. Einingane har mange tilsette med lang erfaring, realkompetanse og formalkompetanse. Utfordringa er å gje desse meningsfulle arbeidsoppgåver som samsvarar med kompetanse.
- Auka utskrivning, mindre institusjonsbehandling og mindre grad av reinlegging for stabilisering og vedlikehald av behandling i spesialisthelsetenesta, medfører auka press på kommunal psykiatriteneste. Spesialisthelsetenesta har kutta tal behandlingsplassar i psykiatrien i vår region vesentleg dei siste åra
- Dei ulike personalbasane har dårlege fysiske arbeidsmiljø, og det må setjast i verk tiltak for å betre dette for å kunne tilby gode nok arbeidstilhøve.
- Førde kommune er vertskommune for mange vidaregåande skular. Dette gjer at nokre unge vel å busette seg i Førde etter endt skulegang. Erfaring tilseier 1-2 personar kvart år.
- Det vert større utfordringar innanfor alderspsykiatri. Dette området har einingane ikkje tilstrekkeleg kompetanse på. Det er naudsynt at Førde kommune tek stilling til korleis ein skal handtere denne utfordringa, og kva eining som skal opparbeide seg kompetanse på dette området.
- Brukarane/pasientane har meir spesielle og kompliserte behov
- Det er framleis viktig å legge til rette for kompetanseheving slik at personalet vert rusta til å møte større og nye utfordringar frå tenestemottakarar innanfor psykiatri, rus, blandingsdiagnosar m.m.
- Styrke samarbeidet og samordne planar, tiltak og ressursbruk innafor alle tenesteområde
- Styrke rekrutteringa til helgestillingar i alle tenestene.
- Rekruttering av støttekontakter.
- Ein må ha ein kritisk vurdering av tenestestandar på vedtak til kvar enkelt brukar, slik at ein ikkje berre får inn nye brukarar, men også klarer å sjølvstendigjere fleire slik at dei kan skrivast ut av tenesten.
- Mangel på kommunale bustader.

Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta



Utviklingscenter for
sjukeheimar og heimetenester
Sogn og Fjordane

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Heimetenesta	Aud Viken	64,2	105	10,2%
Kjøkkentenesta	Aud Karin Gyving	10,88	19	9,2%
Skjerma eining	Gunvor Solheim Hjelkrem	15,7	27	9,67%
Eining 2	Una Holmelid(konstituert)	23,3	42	13,52%
Eining 3	Gunn Beathe Bruland	23,9	45	19,8%

- Einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Heimetenesta	46 783 326	47 278 425	495 099	1%
Kjøkkentenesta	7 111 177	6 700 188	- 410 989	6%
Skjerma eining	12 434 146	12 424 291	- 9 855	0%
Eining 2	16 900 000	18 393 820	1 493 820	9%
Eining 3	20 050 456	20 755 616	705 161	4%

- Kjøkkentenesta og Skjerma eining har eit underforbruk.
- Eining 2 og Eining 3 har eit større overforbruk, i hovudsak kjem det av overbelegg i eining 2 og høgt sjukefråvær i eining 3.

Viktige hendingar

- Oppretta totalt 100% sjukeheimslegeressurs.

Mål som vart nådd

- Dei tilsett opprettheld scoren på 4,5 som var målsettinga på spørsmål kor nøgd ein er med leiar på Skjerma eining.
- Det har vore stort fokus på aktivitetar for pasientar på Helsetunet. Det er mange arrangement på huset som er for alle i Førde kommune. I tillegg er det aktivitetar i avdelingane og for kvart enkelt individ.
- I Heimetenesta har alle brukarar med stort hjelpebehov primærkontakt.
- Det har vore fleire på etterutdanning og vidareutdanning i Heimetenesta. Tenesta har og systematisk internundervisning for dei ansatte.
- Det er fleire som starta vidareutdanning på Helsetunet.
- Eining 2 har hatt fokus på informasjon til brukarar og pårørande.
- Har hatt vårfest med pårørande, og hatt møter pårørande-gruppa.
- Det har vore fokus på rehabilitering på Helsetunet.
- Det har vore kartlegging på å ernæring på Helsetunet.
- Har aktivitetskontakt, fokus på aktivitetskoffert i eining 2.
- Det vert jobba med rekruttering, har lærlingar og mange studentar,

Utfordringar framover

- Rekruttering av gode og kompetente medarbeidarar.
- Rekruttering på helg.
- Auke i talet på demente gjev kommunen ein del utfordringar framover:
 - Fleire pårørande treng avlastning.
 - Utfordrande for Heimetenesta å hjelpe dei demente i heimen.
 - Treng anna kompetanse og bemanning.
- Følgje opp nasjonale mål om prioriteringar når det gjeld kvalitetsutvikling.
- Talet på eldre aukar.
- Redusere talet på personale som går til kvar einskild brukar. Er starta arbeidet rundt dette.
- Auke i talet på tenestemottakar som bur heime, og som har komplekse lidingar. Dette gir store fagleg og ressursmessige utfordringar for Heimetenesta. Vidare vert pasientar tidlegare skrevne ut frå spesialisthelsetenesta.
- Framleis stort press/etterspurnad etter langtids- og korttids plass ved sjukeheimen, likeeins i høve heimetenester. Har vore overbelegg på Helsetunet i heile 2012.
- Behov for utskifting av slitt utstyr på Helsetunet.
- Etablering av tenestestandardar i heimetenesta for å betre informasjon til tenestemottakarane, samt gi betre informasjon om kva som er mogleg å søkje om av tenester
- Oppretting av kvardagsrehabilitering i Heimetenesta.

Satsingsområder for Utviklingscenter for Undervisningsjukeheim og heimetenester (USHT)

- **Kultur og eldre prosjektet vart avslutta som prosjekt 31.12.2012**

Prosjektet innebar mellom anna seniorkoret, tilsettekoret, konsertar v/distriktsmusikarar og andre tilstellingar på Førde Helsetun, samt ferdig utarbeidd kunstkart dette året.

Det har ikkje lukkast å få aktivitetane inn i det kommunale budsjettet for 2013, men aktivitetane er midlertidig vidareført. USHT planlegg å fokusere vidare på aktiv omsorg i høve dei eldre og inkludere frivillege og andre ressursar i dette arbeidet.

- **Demens:** Ressursgruppa i heimetenesta vart avslutta dette året, eininga har hatt utfordringar med å implimentera tiltaka som ressursgruppa sette i verk for å sikre kontinuitet og kvalitet til dei heimebuande med demens.

Demensteamet har stadig aukande arbeidsoppgåver, det har ikkje lukkast å inkludere lønskostnader til teamet i det kommunale budsjettet, likevel vil USHT satse vidare på demensteamet og nytte deira kompetanse og erfaringar i undervisning og spreing til øvrige kommunar i fylket.

- **Kommunehelsetenesta som læringsarena:**

Praksisfeltet er framleis ein viktig læringsarena for både elevar, lærlingar, studentar og tilsette. USHT ynskjer gjennom denne satsinga å fremje læring, legge til rette for kunnskaps- og kvalitetsutvikling, og å rekruttere helsefagutdanna til kommunehelsetenesta. Aktiv omsorg vert ei viktig arbeidsform i praksisfeltet framover.

- **Rehabilitering**

I 2012 vart det utarbeidd ei grundig rutinehandbok for rehabilitering og tverrfagleg samhandling for rehab.plassar v/ Førde helsetun. Kompetanseheving for dei tilsette i den aktuelle eininga vart starta og innføring av kvardagsrehabilitering i heimetenesta vart eit tema på slutten av året. USHT vil ha rehabilitering som eit satsingsområde i det vidare arbeidet.

- **Fylkesrolla**

- Det er ein aukande aktivitet knytt til fylkesrolla til USHT. For å kunne møte aukande aktivitet både internt i kommunen og eksternt i fylket, har Førde kommune i 2012 tilsett utviklingskoordinator i USHT i 100% stilling.
- I tillegg til å delta i etablerte samarbeidsfora, har vi arbeidd med å styrke og vidareutvikle USHT sitt nettverk og kontakt med aktuelle samarbeidspartar.
- Vi har arrangert erfaringsseminar med presentasjon frå kommunar som har fått tildelt «Frie midlar», samt andre andre aktuelle prosjekt.
- USHT og SESAM(Senter for eldremedisin og samhandling)/Helse Førde har planlagt kommunebesøk i 2013 for gjensidig informasjonsutveksling med pleie- og omsorgstenesta i fylket, etablere eit felles kontaktnettverk og kartlegge behov for å starte fagnettverk.

Dei mest omfattande fylkesretta prosjekta:

- Demensomsorgas ABC (bedriftsintern kompetanseutvikling i tverrfaglege studiegrupper i kommunane): Koordinere arbeidet i Sogn og Fjordane. Arrangere oppstartsseminar og fagdagar. Det har vore høg aktivitet i 2012. 20 kommunar deltek med 668 deltakarar. Årsrapporten frå Aldring og Helse viser at vi er nr. 2 i landet på andel deltakarar i høve befolkningstal i fylket.
- Nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga: Eit nettverk for tilsette på sjukeheimar og heimetenester i fylket, drive i samarbeid med fylkeskommunen og høgskulen.

Det er utarbeidd eit program for 2012-2014. 19 kommunar deltek. Vi arrangerte 2 fagdagar i 2012 med henholdsvis 60 og 45 deltakarar.

- Deltek i forskingsprosjektet MEDCED: Deltakinga i prosjektet er estimert til om lag 20% stillingsressurs og omfattar m.a. undervisning og veiledning til 6 sjukeheimar i fylket. Tema: Tillitsskapande tiltak framfor tvang overfor personar med demens. Planlegging og opplæring føregjekk våren 2012, og vi starta undervisning og veiledning på 3 sjukeheimar hausten 2012. Prosjektet held fram til 2014.
- Førebyggjande heimebesøk: Eit felles prosjekt med dei andre USHT på Vestlandet og Senter for omsorgsforskning Vest. I 2012 har vi kartlagt arbeidsmetodikk og utbreiing i kommunane i Sogn og Fjordane. Data frå kartlegging og brukar-/utøvarerfaringar skal samanstillast og brukast til å utvikle modellar eller verktøy som har nasjonal overføringsverdi.
 - **Fylkesrolla**
 - Demensomsorgens abc som er eit kompetansehevings tiltak.

Kostra-tal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim	0,15	0,40	0,39	0,43	0,29	0,37	0,37	0,42
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, pr. innbygger 67 år og over	130 497	133 667	106 843	112 090	115 208	123 177	101 087	105 948
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kr., pleie og omsorgtenesta	11 908	12 787	14 028	14 939	17 571	19 014	12 787	13 731
Gjennomsnittleg antall tildelte timer bruker utafør institusjon	14,2	14,6	9,5	9,6	11,2	11,2	11	11,2
Gjennomsnittlig antall tildelte timar pr veke som brukarar av himetenesta får	4,3	4,4	4,6	4,5	5,0	4,8	5,8	5,7
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg Enhet : Kroner	645 012	708 888	609 949	649 243	590 211	615 280	625 415	680 221
Andel årsverk i brukarretta teenester m/ fagutdanning	77	75	73	74	71	71	76	76
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	19,3	18,3	18,6	18,3	18,1	18,3	16,1	15,8
Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av bef. 80+	23	22	28	29	30	30	29	29
Andel brukarar med individuell plan (ikkje inst.)	20,9	21	10,8	10,8	12,9	12,5	12,3	12,2

Førde kommune er no oppe påca. Landsgjennomsnittet på legetimar pr. bebuar på sjukeheim. I nettodriftsutgifter pr. innbyggjar i pleie og omsorg ligg Førde kommune godt under landet og kommunar vi kan samanlikne oss med, men ein ser av nettoutgifter pr. innbygger 67 år og over, så ligg Førde kommune høgt over dei andre kommunane. Dette tyder på at Førde kommune brukar mykje på yngre brukarar.

Kultur og kulturskulen

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
500 Kultur	Johan Bengtson	14,72	27	3,15%
250 Kulturskulen	Trude Skarvatun	12,5	17	0,84%

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Kultureininga	7 382	8 227	-845	-11 %
Kulturskulen	4 152	4 137	15	0 %
Samla	11 534	12 364	-830	-7 %

Viktige hendingar

- Førde bibliotek overtok 1.jan. 2012 mange driftsoppgåver frå fylkesbiblioteket, bl.a. fjernlån, lokalhistorisk samling og klassesettlån til skulane. Med digital kino vart det mogeleg med digital overføring frå konsertsalen til kinosalen.
- Arbeidet med ungdomsarbeidet er komme godt i gang. Det vart tilsett ungdomsleiar i 100% stilling og miljøarbeidar i 50% stilling. Det er etablert gode samarbeidsarenaer mellom ressursgruppa som består av ungdomsleiar, SLT koordinator og politi. Det var gjort eit stort arbeid i 2012 for å førebu opning av Skrivarløa. Mellom anna var det krav om nye rømningsvegar og stort behov for innvendig oppussing. Hausten 2012 starta eit gratis treningstilbod i Førdehuset 2 timar for veka til vgs elevar. Dette i samarbeid med elevbedrift på Øyrane vgs.
- Innføring av subsidiert brukarbetaling for barn og unge ved bruk av idrettshall og symjehall vart vedteken med verknad frå 2013.
- Kulturskulen er i fin driv med nógde tilsette, stor tilgang på elevar og høgt aktivitetsnivå. Vi samarbeider breitt med grunnskular, helsetunet, kor, korps, kunstmuseet, folkemusikkfestivalen, Førdehuset og det frivillige kulturliv i Førde kommune. Kulturskulen i Førde er sentral drivar av laurdagsskule i Sogn og Fjordane - ei fordjupningssatsing innan musikk.
- Vi har stadig aukande pågang av elevar frå nabokommunar som ynskjer elevplassar hjå oss då vi har eit breitt samansett kollegie med høg kompetanse som dekkar mange instrument og fagfelt.

Kultureininga

Mål som vart nådd som forventa

Brukarane

- Symjehallen har mindre besøkande enn målet (14 719), kino har ein liten nedgang frå 2011, biblioteket har auka utlån på nærare 9%, medan kulturarrangement har redusert besøk frå 2011, og idrettshallen er i bruk 87% av opningstida.
- Det er gjennomført brukarmøte med grunnskule og vidaregåande skule.
- Vi har hatt etikk med som tema ved alle personalsamlingar og bruker Førde kommunen sitt etikkreglement.
- Kulturskulen er i stadig utvikling mot å bli meir brukarvenlege og ha ei best mogleg teneste til brukarane våre. Dette er ein prosess heile tida, men vi meiner å vere godt på veg mot å vere det ressurscenteret statens føringar seier vi skal vere. Ei stor oppgåve vi har framfor oss er å la fleire elevar som står på venteliste (256) få plass i kulturskulen
- Det vil bli gjennomført brukarundersøkingar i 2013
- Målet om å auke elevtalet og redusere ventelista er ikkje nådd. Dette er eit ressurs spørsmål.

Medarbeidarane

- Det er gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette i kultureininga. Det er tatt opp spørsmål om dårleg inneklima i Førdehuset
- Scoren på fagløg og personleg utvikling er auka, det same gjeld rekruttering og skape attraktive arbeidsplasser.
- Samla sett har kulturskulen god måloppnåing, men kulturskulen har ei stor utfordring i å ha gode nok arbeidsforhold i høve lokalitetar og lydisolering

Økonomi

- Grunnen til overforbruk i 2012 er svikt i inntekter frå kulturarrangement. Kravet om inntekter aukar år frå år med prosentvis opprekning. Om ikkje besøkstalet følgjer med, klarer vi ikkje å halda budsjettet. Det same gjeld om kostnadane våre for å tilby kulturtilbod aukar meir enn utgiftene. Marknaden vert pressa ved stadig auka tilbod og større konkurranse mellom arrangørane innan kommunen og i nærområdet. Skal Førdehuset følgje med som arrangør, må programmet utviklast og endrast heile tida. For å få det til trengst ein romsleg budsjettering. Vi bør ha eit budsjett avsett for kulturarrangement i framtida.
- Kulturskulen har godstyring av økonomiske ressursar og god måloppnåing

Samfunn

- Vår og Høstprogrammet har vore ein suksess, og ein har god mediedekning og presentasjon av kulturtilbod på kommunen sine heimesider.
- Websida er diverre ikkje god for publikum. Andre løysingar må vurderast.
- For å nå ut med aktivitetstilbod til ungdom, er Facebook ein viktig arena. Førdehuset (Kino og arrangement), Biblioteket, Skrivarløa og Ungdomens bystyre nyttar facebook for å nå ut med informasjon.
- Kulturskulen i Førde er ein motor i regionen og fylket gjennom at vi sel tenester til det lokale musikklivet i Førde og nabokommunar. Vi har 6 distriktsmusikarar som har heile fylket som nedslagsfelt – dei er sentrale i Opera Nordfjord sine oppsetjingar, Operagarden i Bygstad, Sogn og Fjordane Symfoniorkester og Rikskonsertane sine skulekonsertar. Førde kulturskule har det administrative ansvaret for laurdagsskulen for Sogn og Fjordane. Vi har eit integreringsprosjekt «Mosaik» retta mot innvandrarar og framandspråklege som får merksemd nasjonalt.

Interne prosessar

- Det er gjennomført 2 personalmøter for alle tilsette per halvår. Kultureininga har jamleg oppe etiske problemstillingar til drøfting for å følgje opp kommunen sin personalpolitikk her.
- I kulturskulen startar kvart lærarmøte med ei utfordring som vert drøfta. Arbeidet med informasjonsbrosjyren om kulturskulen gir ein årleg intern gjennomgang av tenestetilbodet

Utfordringar framover

- Heile entrepartiet inkludert «paradegata» frå hovudvegen til trappa, og entreen til Førdehuset er i dårleg stand med sprukne betongplater og lause skiferplater. Planteringane trengjer og fornying.
- Biblioteket har knapt med midlar til mediekjøp, skulane er ei utfordring som storbrukarar.
- Symjehallen i Førdehuset er godt besøkt, men trengjer ei større opprusting. Både det visuelle som besøkande ser i gardarobane og inne i bassengområdet, men også under bassenget og det tekniske.
- Sogn og Fjordane Teater som leiger Teatersalen ber om ei oppgradering av salen. Publikusplassen er ikkje god, m.a. går ikkje galleriet å bruke, og ein bør sjå på ein løysing der ein utnyttar vrimlearealet til utvida amfi. Samtidig bør ein sjå på ombygging av Inneamfiet til Kinosal, alternativt utviding med ny kinosal med ca 100 plasser mot uteamfien. Salen må og kunne brukast til auditorium.
- Lokalitettane i Gamlebanken for Førde kulturskule er svært gamaldags og umoderne. I tillegg har kulturskulen vakse ut av lokalane med våre 451 elevar per veke. Dette gjer at vi ikkje kan drive så kostnadseffektivt som vi burde då lærarane ikkje har arbeidsplassar å nytte til førebuing og etterarbeide. Heller ikkje naudsynt kontor- og datautstyr er tilgjengelig for alle lærarane.
- ”Kultur og eldre”-tilbodet må inn i faste økonomiske rammer. Kulturskulen held 60-70 konsertar i året på helsetunet og er tungt inne i arbeidet med å gjere kultur til ein viktig del av omsorgsarbeidet i Førde kommune
- Skal vi ta unna ventelista, som er rekordhøg ved Førde kulturskule, må vi få tilført friske midlar til å tilsette nytt personale
- Førde kulturskule har stadig aukande pågang av elevar frå nabokommunar som ynskjer elevplassar hjå oss då vi har eit breitt samansett kollegie med høg kompetanse som dekkar mange instrument og fagfelt. Pågangen av elevar er ein utfordring med den lange ventelista vi allereie har i Førde. Naustdal kommune er i dialog om ei interkommunal løysing.

Kostra-tal

Kultur	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Prioritering								
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,7	3,3	3,2	3,2	3,3	3,2	3,9	3,8
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1197	1586	1411	1505	1705	1758	1817	1881
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	695,8	1653,4	1056,3	743,4	1458,6	1447,8	841,9	836,9
Fordeling av netto driftsutgifter innenfor kultursektoren								
Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge (F231)	-8,7	3,2	9,1	9,2	5,3	6,1	10,6	10,4
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370)	24,9	19,4	17	16,4	18,7	19	14,3	14,4
Netto driftsutgifter til kino (f373)	-1,1	1,4	1,6	1,8	1,1	1	0,9	0,7
Netto driftsutgifter til museer (f375)	0	0	2,4	2,5	1,6	1,6	3,9	4
Netto driftsutgifter til kunstformidling (F377)	20,6	15,6	2,9	3,1	2,3	2,8	4,8	5
Netto driftsutgifter til idrett (F380)	2,8	1,2	9,9	10,4	12,4	12,1	9,4	10,5
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (F381)	13,3	6,7	14,8	15	18,9	18,6	20,8	20,3
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler (F383)	22,3	22,3	17,2	17,3	20,5	21,3	12,7	13,1
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter (F385)	0,7	1,9	12,7	11	8,6	8	13,7	13,2
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (F386)	25,1	28,3	12,4	13,4	10,7	9,5	8,8	8,5
Fordeling/ prioritering kommunale idrettsbygg/ idrettsanlegg og kommunale kulturbygg								
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (f381) i forhold til kommunens totale driftsutgifter (i prosent)	0,4	0,2	0,5	0,5	0,6	0,6	0,8	0,8
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger	159	107	209	226	323	327	378	381
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (f386) i forhold til kommunens totale driftsutgifter (i prosent)	0,7	0,9	0,4	0,4	0,3	0,3	0,3	0,3
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger	300	449	175	202	182	166	160	161

Førde kommune brukar mindre midlar innan kultur enn landsnittet og fylket men noko meir enn samanliknbare kommunar. Det har vore ein klar auke driftskostnadar innan kultur frå 2011 til 2012. Innan ungdomstiltak har Førde auka driftsutgiftene frå 2011 til 2012 men vi har framleis eit lågare forbruk enn fylket, samanliknbare kommunar og landet. Førde ligg høgre enn landet, like kommunar og fylket innan kunstformidling. Dette heng saman med kommunen sin rolle som vertskommune for Sogn og Fjordane Teater, Sunnfjord museum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Kulturskulen har eit litt høgre forbruk enn landet, like kommunar og fylket.

Distriktsmusikarordninga med fylket er årsaka til dette.

Driftskostnadar til kommunale kulturbygg og anlegg er større enn landet, like kommunar og fylket.

Konklusjon: Førde kommune har ein effektiv og god tenesteproduksjon innan kultur og kulturskulen.

Tekniske tenester

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
610 Byggesak og arealforvaltning	Odd Harry Strømsli	13,4	15	1,84
620 FDV	Kjell Herstad	58,63	66	12,30
670 Teknisk drift	Asbjørn Etterlid (1.01.- 31.08.12) Bernhard Øberg (1.09.-31.12.12)	15	15	3,10
671 Brann og redning	Bernhard Øberg	9	8+ 22 deltid	3,10

Økonomi

Eining	Budsjett 2012 (1000 kr)	Rekneskap 2012 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Byggesak og arealforvaltning	6 465	6 201	264	4,1 %
FDV	28 455	29 402	-947	-3,3 %
Teknisk drift	-13 702	-10 757	-2 945	21,5 %
Brann og redning	8 288	8 121	167	2,0 %
Samla	29 506	32 967	-3 461	-11,7 %

Byggesak og arealforvaltning

Viktige hendingar

- Oppstart “Førdepakken”. Tilsett to nye stillingar ved byggesak og arealforvaltning, prosjektleiar for Vassområde Sunnfjord (interkommunal) og prosjektleiar for Førdepakken og Førde sykkelby.

Mål som vart nådd som forventa

Brukarane

- Tidsfristane i plan- og byggesakene vert haldne (19 dagar), skriftlege referat frå førehandskonferansar blir gjort, og gode resultat frå Brukarundersøkinga syner at vi er gode på å vere serviceorientert og tilgjengeleg for brukarane.

Medarbeidarane

- Generelt gode resultat på medarbeidarundersøkinga, men ser at det er potensiale til å bli betre. Vi kan bl.a. sjå om vi kan verte meir effektive.
- Sjukefråveret er særst lågt – 1,84% -, alle har fått tilbod om medarbeidarsamtale, og dei med minst erfaring/ansiennitet vert prioritert ved kursing.

Økonomi

- Meirinntekt på Kart og oppmåling, vakante stillingar og underforbruk på kjøp av tenester hjå arealforvaltning. Mindreinntekt hjå arealforvaltning. Summen for eininga sett under eitt, vart likevel positivt.

Samfunn

- Mål om at eininga skal framstå med positivt omdøme hjå brukarane gjennom publikumskontakt, WEB og positiv medieomtale, at universell utforming skal vere sentrale prinsipp i all kommunal planlegging, og at rullering av kommuneplanen sin arealdel skal vere starta, er nådd. WEB-området er blitt betre, men framleis potensiale til å bli betre. Det vert lagt opp til kontinuerleg «vask» av nettsida innanfor ansvarsområdet. Opprydding slik at ny eining framkjem slik det er organisert

Interne prosessar

- Grunna manglande ressursar har arbeid med rutinar for at alle tilsette skal reflektere over sin eigen og avdelinga sitt samla tenestetilbod og vurdere om tenestene skal gjerast på ein betre og meir effektiv måte, blitt utsett. Det vert mål om å lage rutinar i løpet av 2013.

Utfordringar framover

Planavdelinga er under særst sterkt press. Den store tunge planprosessen er rullering av arealdelen, men også planprosess knytt til områdeplan for Ytre Øyrane vil krevje ressursar. I tillegg vil planarbeid knytt til ein Førdepakke vere utfordrande med dei ressursar eininga sit med. Til hausten 2013 vil ei mengd reguleringsplanar bli starta opp. Til slutt kjem det oppdrag frå andre sektorar internt i kommunen, der planprosessar og utarbeiding av planar vert handtert hjå oss. Med råmene vi har, saman med det å handtere forvaltningsdelen, vil budsjettmålet for dette tenesteområdet vere vanskeleg å treffe.

- Utfordringane knytt til tenesteområde arealforvaltning tilseier behov for å kunne kjøpe konsulenttenester for å avlaste dei tilsette. Det ligg likevel ikkje til rette i økonomiplanen for å kjøpe tenester for å avlasta eininga

FDV

Viktige hendingar

- FDV er ei eining som skal yte service på tvers av einingar, halde bygningar, tekniske anlegg i orden i samsvar med lover og forskrifter. Det er fokus på rehabilitering av tekniske anlegg og bygningar som stettar gode arbeidsmiljø og gode arbeidslokaler

Mål som vart nådd som forventa

Brukarane

- Målet om å rehabilitere ventilasjonsanlegg i symjehallen i Førdehuset er nådd. Vi har likevel ikkje klart å starte arbeidet med å rehabilitere Solsida barnehage.

Medarbeidarane

- Målet om minst moglege uønska deltid er nesten nådd ved at nærast alle tilsette i einingar har stillingar ein ønskjer i forhold til storleik. Sjukefråveret i eininga har vore svært høg, men er på veg ned. Målet er å kome under 10 % . I 2012 er det gjennomført kurs i stressmestring og psykososialt arbeidsmiljø. I tillegg er det fokus på gode støtdempande sko for tilsette som går og står mykje i arbeidssituasjonen samt fokus på rette og varierte arbeidsteknikkar. Aktuelle andre tiltak for å betre på arbeidsbelastning, er å vurdere meir bruk av maskiner, motivere til fysisk trening

Økonomi

- Det er ei stor utfordring å halde budsjettramma i eininga. Forventninga til kva FDV skal og kan utføre av tenester for andre einingar/brukar overstig det som er mogeleg innanfor økonomisk budsjettramme.
- Overforbruk på 947 000 kroner skuldast m.a. overforbruk for vikarer på 893 000 kroner pga oppdekking av sjukefråvær og avvikling av ferier, overbruk av overtid for prosjektleding, og reinhald/vaktmeister i helgar ved Terapibassenget og Førdehuset. I tillegg er det overforbruk på driftsmidlar og vedlikehald av transportmiddel, kommunale avgifter (Førdehuset), byggetenester, og serviceavtalar. Inntektene i form av sjukelønsrefusjon og fødselspengar var òg etter måten stor (910 000 kroner).

Samfunn

- Det vart ikkje laga ein tiltaksplan for FDV i 2012. Men det vil vere sentralt for universell utforming for arbeidstakar og brukarar. Samarbeid og god dialog med brukarane er avgjerande for at FDV kan greie å drifte og vedlikehalde eigedommane. Ein brukarmanual som viser klare ansvarsområder i forhold til FDV og brukarar må utarbeidast. Utgifter FDV blir påført er påverka av brukarane sine aktivitetar. Trivsel og eigarskap på arbeidsplassen er målt gjennom medarbeiderundersøking i 2012. Skåren er 5,1 og den same som forrige undersøking. Det er god trivsel og samkvord mellom arbeidskollegane i eininga.

Interne prosessar

- Tiltaket om at alle tilsette skal reflektere over eigen og eininga sitt samla tenestetilbod, og vurdere om tenestene kan gjevast på ein betre og meir effektiv måte, vil bli gjennomført i 2013.

Utfordringar framover

- 2013 blir eit spesielt år. Det nye rådhuset blir teke i bruk til hausten, og drift av idrettsanlegg (uteanlegg) er slege saman til eit tenesteområde og det har blitt tilsett banemeister. Hafstadparken kunstgrasbaner blir gradvis teke i bruk. Elles er utfordringa å halde stram styring og kontroll over driftsutgifter og sikre at inntektene kjem inn. Det er behov for å inngå fleire serviceavtaler knytt til drift av tekniske anlegg for mellom anna å sikre at anlegga går mest mogleg energieffektivt og optimalt arbeidsmiljømessig. Framdrifta av implementering av Toppsystem for styring av tekniske anlegg gjer eit hopp framover i samband med levering av SD-anlegg til det nye Rådhuset. I samband med prosjektet «Reduksjon av driftsnivået» er det spelt inn aktuelle innsparingsområder. For drifta i FDV vil den økonomiske utfordringa ikkje endre seg vesentleg sjølv ved gjennomførte tiltak fordi budsjettramma blir redusert tilsvarande. Det som kan hjelpe på er at den reelle innsparinga blir større enn den føreslåtte gevinsten.
- Elles vil dei viktige utfordringar som å redusere sjukefråveret, få på plass ein leiande vaktmeister/teknisk leiar som kan følgje opp tilsyn, planlegge, koordinere og følgje opp det tekniske driftspersonalet, oppgradere tekniske anlegg, og få etablert eit betre system, kontroll og oversikt over vedlikehaldsbehov av eigedommane, vere sentralt.

Teknisk tenester og brann og redning

Viktige hendingar

- Einingane tekniske tenester og brann og redning vart slått saman til ei eining.
- Uveret "Dagmar" resulterte i romjula 2011 i store øydeleggingar. Dette gav store utfordringar i 2012. Vinteren 2012 var elles lang med mange mindre snøfall. Det førte til stort behov for snørydding og vedlikehald.

Mål som vart nådd som forventa

Brukarane

Ikkje registrert negativ tilbakemelding på brann og redning. Få klagar trass i gjennomgåande stort behov for snørydding og vedlikehald.

Medarbeidarane

- Ikkje brot på retningslinene for innkjøp av materiell og forbruk. Rutinar for anbod ved kjøp av tenester vil bli sett nærare på i 2013. Medarbeidarsamtalar vil bli gjennomført for alle i 2013. Det er starta arbeid med å følgje opp medarbeidarundersøkinga, der eininga scorer noko under gjennomsnitt. Dette vil bli det bli teke tak også i 2013.

Økonomi

- Overforbruket for tekniske tenester skuldast "Dagmar" (1 mill kroner), vintervedlikehald og vatn og avløp (differanse på gebyr). Det er teke grep ved at to einingar i dag er slått saman til ei eining. Økonomiforvaltning vil elles ha stor merksemd i 2013.

Samfunn

- Eininga tekniske tenester og brann og redning skapar ofte overskrifter i media. Dette er ei utfordring. I hovudsak framstår tenesta positiv og er med å skape eit godt omdømme for kommunen.

Interne prosessar

- HMS har utarbeidd eiga HMS handbok for brann og redning. I 2012 er det ikkje registrert alvorlege brot i HMS reglementet. Innan teknisk drift vil det bli arbeidd med å auke kompetansen gjennom å tilby dei tilsette kursing og opplæring. Auka medverknad vil òg ha merksemd i 2013.

Utfordringar framover

- Oppgraderinga av brannvesenet som har funne stad frå 2005 på mannskapssida, held no fram på utstyrssida, og då spesielt fornying og supplering av bilparken og materiell til brannvesenet.
- Tal på oppdrag/utrykningar er aukande. Generelt er det unødige alarmar knytt til automatiske brannalarmanlegg som har auka. Sett frå ein brannførebyggande ståstad er det positivt med ein auke i talet på automatiske brannvarslinganlegg, men mangel på internkontrollrutinar/opplæring på anlegga, fører altså til unødige brannalarmar og at brannvesenet då vert utalarmert.
- Innan teknisk er vegvedlikehald og skjøtsel av park som er største utfordringa.

Kostra-tal

Plansaksbehandling (funksjon 301)	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger	227	197	158	149	197	218	182	193
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,5	0,41	0,36	0,32	0,38	0,39	0,39	0,39
Brutto investeringsutgifter til plansaksbehandling per innbygger.	0	0	8	3	77	78	14	21
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål. jf. PBL-08 § 33-1.	50370	51170	60782	172564	17106	16791	35540	47243
Alder for kommuneplanens arealdel	5	6	3	3	6	7	5	5
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	10	11	4	4	6	6	6	6

Kommunen har høgere ressursbruk innan planhandsaming enn like kommunar og landet, men lågare enn fylket i 2012. Førde har eit høgere saksgebyr samanlikna med landet.

Bygge-, delesaksbeh. og seksjonering (funksjon 302)	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger.	34	94	-12	15	30	42	13	19
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,08	0,2	-0,03	0,03	0,06	0,08	0,03	0,04
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	14150	14870	13914	14663	6888	8184	8525	9664

Kommunen har noko høgare ressursbruk innan bygge- og delesaker samanlikna med andre kommunar, fylket og landet. Saksgebyr er på same nivå som like kommunar, men høgare enn fylket og landet.

Kart og oppmåling (funksjon 303)	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger.	52	57	45	50	139	147	88	92
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,12	0,12	0,1	0,11	0,27	0,27	0,19	0,19
Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2.	16320	16750	13829	17258	12639	12609	12406	13565

Kommunen har eit noko høgare ressursbruk innan kart og oppmåling enn like kommunar, men lågare enn fylket og landet. Tilsvarande har kommunen gebyr på nivå med samanliknbare kommunar men høgare enn fylket og landet.

Eiendomsforvaltning for utvalgte kommunale formålsbygg	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger	4234	4243	3790	3956	4464	4609	4322	4413
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter	9,4	8,9	8,6	8,5	8,5	8,3	9,3	9
Brutto investeringsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger	7082	12165	3231	3082	4137	3634	3175	2967
Energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter	186	138	122	105	125	94	127	..
Dekningsgrader								
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger	5,1	5	4,2	4,4	6	7,1	4,1	..
Produktivitet								
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter.	976	980	866	879	785	684	879	..
Utgifter til eiendomsforvaltning på eide bygg per kvadratmeter	993	1002	783	798	776	674	883	..
Utgifter til eiendomsforvaltning på leide bygg per kvadratmeter	580	469	3358	3270	1010	959	833	..
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal forvaltning av eiendommer per kvadratmeter	47	50	30	35	23	27	35	..
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter	26	34	52	52	60	42	76	..

Førde kommune har eit lågare driftsforbruk til kommunale eigedomar enn landet og fylket, men høgere enn like kommunar. Energi kostnadene er klart redusert frå 2011 etter at det er sett fokus på energiøkonomisering og ressursbruk av kommunale bygg. Energikostnadane er for 2012 framleis høgare enn samanliknbare kommunar, fylket og landet, men avstanden er redusert.

Brann- og ulykkesvern	Førde		Gruppe 8		Fylket		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjelder rapporteringsåret +1)	405	439	342	357	378	405	361	396
Netto driftsutgifter til forebygging pr. innbygger	-2	2	20	53	48	93	44	46
Netto driftsutgifter til forebygging i prosent av forebygging og beredskap	-0,3	0,3	3,4	9,5	6,4	11,6	7	7,2
Netto driftsutgifter til beredskap pr. innbygger	681	647	552	500	707	708	581	594
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner	679	649	572	553	755	800	624	640

Førde kommune har eit normalt forbruk innan brann samanlikna med like kommunar, landet og fylket.

Konklusjon: Førde kommune har ein effektiv og god tenesteproduksjon innan tekniske tenester.

Politikk

Ordfører i Førde kommune er Olve Grotle (H).

Partia har følgjande tal representantar i Bystyret;

Høgre – 8, Det norske Arbeiderpartiet – 7, Senterpartiet – 3, Sosialistisk Venstreparti – 3, Venstre – 2, Kristeleg Folkeparti – 2 og Framstegspartiet – 2.

Bystyret i Førde har 27 medlemmer. Formannskapet har 9 medlemmer. Med unntak for partiet SV er Formannskapet personidentisk med planutvalet som også har 9 medlemmer.

Alle medlemmene i bystyret er representert enten i formannskapet eller i ein av komiteane. Unntaket er leiar i kontrollutvalet som ikkje kan ha andre verv.

Ungdomens Bystyre vart etablert 16. februar 2011. Fokus i 2012 har vore å få igong fast verksemd. Vi har hatt startvanskar med utmelding og nyrekruttering, og vi arbeider framleis med å få til ein fast møteplan og kontinuitet.

Når det gjeld dei politiske utvala, hadde dei slik aktivitet i 2012:

Organ	Tal møter	Tal saker
Formannskapet	22	95
Planutvalet	16	99
Bystyret	9	85
Finanskomite	8	8
Valstyret	0	0
Samfunn- og utviklingskomiteen	8	17
Levekårskomiteen	9	36
Klageutvalet	4	6
Klageutvalet HS	3	6
Eldrerådet	7	21
Arbeidsmiljøutvalet	6	20
Administrasjonsutvalet	1	1
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6	20
Kontrollutvalet	7	45
Ungdomens Bystyre	5	15

Av større politiske saker i 2012 kan vi nemne:

- Kommunal planstrategi 2012-2016
- Felles planstrategi Sunnfjord
- Samhandlingsreforma og rammeavtaler mellom Førde kommune og Helse Førde
- Områderegulering for Moskog Industriområde
- Reduksjon av driftsnivå – oppfølging
- Organisering av helse og omsorgstenestene
- Sykkelbyavtale – sykkelbyen Førde
- Lokale gater og vegar i Førde – silingsrapport
- Førdepakken AS. Aksjekapital, drifts- og prosjektkostnader
- Økonomiplan og årsbudsjett

Internasjonalt arbeid

Førde kommune er involvert i tre prosjekt der kommunen er direkte engasjert i samarbeid med andre kommunar og distrikt i utlandet.

La Crosse , USA

La Crosse er Førde kommune sin vennskapskommune i USA. Arbeidet er leia av ei arbeidsgruppe på 4 personar som representerer ulike organisasjonar i Førde.

Året 2012 har vore eit aktivt år for vennskapsby samarbeidet.

Dei langt fleste møter i 2012 var for å planlegge utveksling, og for å tidfeste og planlegge reise for komité og det offisielle Førde over til La Crosse for den offisielle opninga av den Norske «Førde» avdelinga i Riverside International Garden i La Crosse.

Første veka i oktober, som tradisjonen har blitt - reiste ein delegasjon på heile 11 personar over til La Crosse. Årets reise vart ei særleg opplevingsrik veke for alle. Godt variert fagleg, sosialt og kulturelt program. For dei som deltok på utveksling stod sjølvstøtt det faglege i fokus, men elles var det sjølvstøtt dette året eit høgdepunkt med den offisielle opninga av Huldefossen og Førde-delen av Riverside International garden.

Kent, USA

Samarbeidskommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal har oppnemnt ei arbeidsgruppe med 2 representantar frå kvar kommune. Grappa har som oppgåve å utvikle venskapsarbeidet med Kent og å planlegge utveksling mellom samarbeidskommunane og Kent. Representantar frå Kent, USA var i 2012 på besøk til Sunnfjord der intensjonserklæring for vennsapsavtale mellom Kent by og Gaular, Jølster Naustdal og Førde.

Ntchisi, Malawi

Førde kommune har sidan 2006 hatt eit kommunesamarbeid (Municipal International Cooperation - MIC) med Ntchisi District Assembly i Malawi.

Samarbeidet på 4 sentrale programområde har vore koordinert av KS (Kommunenes Sentralforbund) med støtte frå NORAD. Diverre har KS valt å kutte samarbeidet med Malawi etter 2009.

Parallelt med kommunen sitt samarbeid i Malawi via KS/NORAD, har det sidan desember 2009 vore selt folkeaksjar i Førde kommune til innsamling av midlar til å fullføre kulturhuset i Ntchisi som har stått uferdig og utan tak sidan 2006. Det vart samla inn kr 128.000. I tillegg har formannskapet løyvd kr 150.000.

Førde Bystyre gjorde i møte 17.02.2011 følgjande vedtak:

1. Førde kommune tek initiativ til å inngå vennsapsamarbeid med Ntchisi District Assembly, Malawi for perioden 2011 – 2015.
2. I samband med opning av kulturhuset i Ntchisi, Malawi løyver Førde kommune kr 25.000 til vidare utvikling av kulturhuset i Ntchisi.

Ein delegasjon frå Førde kommune, leia av varaordførar Eva Marie Halvorsen, vitja Malawi på nytt i mars 2011 i samband med opning av det nye kulturhuset. Huset er ferdig og har hatt ein stor betydning for utviklinga av Ntchisi. Øyrane vidaregåande skule er også engasjert i eit samarbeidsprosjekt med den vidaregåande skulen i Ntchisi, og har bidratt til forbetring av dei sanitære forholda på skulen. Det er også kome signal om at Hafstad vidaregåande skule vil innleie eit liknande samarbeid.

Interkommunalt samarbeid

Førde kommune deltek i ei rekkje interkommunale samarbeid av meir eller mindre forpliktande art. Vi vil kort gjere greie for desse samarbeida:

SYS-IKT (IKT-samarbeidet)

Interkommunalt samarbeid oppretta for og av kommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen. I tillegg deltek Flora kommune i sikkerheitsløyninga. Samarbeidet er organisert som eit interkommunalt samarbeid med eige styre jf. kommunelova sin § 27 nr. 1. SYS IKT har hovudkontor i Førde kommune. Rekneskapen for SYS IKT vert ført som ein del av Førde kommune sitt rekneskap, som eige ansvar 120 både i drifts- og investeringsrekneskapen.

Rekneskapssamarbeid

Førde kommune fører rekne- og skatterekneskap for kommunane Førde, Gaular og Naustdal. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen, der Førde kommune har arbeidsgjevaransvaret.

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT i si noverande form vart oppretta i 2005, og er organisert etter vertskommunemodellen. Førde kommune er vert og arbeidsgjevar. Vi sel tenester til Naustdal, Gaular, Jølster, Bremanger samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

SIS

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) er eit interkommunal samarbeidsorgan for kommunane Flora, Naustdal, Gaular, Jølster og Førde. Medlemer av SIS består av ordførarar og rådmenn i medlemskommunane. Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) legg til rette for å gjere Sunnfjord til ein sterk, konkurransedyktig og attraktiv region. Gjennomføring av tiltak skjer innanfor ramma og etter prioriterte satsingsområde til fylkesplanen og Regional utviklingsplan.

Kommunane i Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) har felles mål og strategiar som er grunnlaget for samarbeid og utviklingsarbeid i regionen. SIS har peika ut desse satsingsområda:

1. Samhandling og regional utvikling i Sunnfjord.
2. Næringsutvikling. Utvikle regionen i eit felles ressurscenter og sterke næringsorganisasjonar i Sunnfjord.
3. Utvikle samarbeid og bygge nettverk – IKT, undervisning, legevakt, helse, kultur
4. Styrke Høgskulen og kompetansmiljø
5. Interkommunalt planstrategi i Sunnfjord. Vidareføre prosjektet i samsvar med tildelte prosjektmidlar og oppdrag
6. Gjennomføre samarbeidsprosjekt knytt til Samhandlingsreforma – Stortingsmelding nr 47. Fullføre prosjektet i høve økonomi, framdriftsplan og mandat

SIS har hatt 6 ordinære møte i 2012 og handsama 56 saker.

I tillegg har det vore gjennomført møte med dei 12 samarbeidande kommunane Balestrand, Høyanger, Bremanger, Flora, Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Askvoll og Solund knytt til prosjektet om Samhandlingsreforma – St.meld. nr 47.

SYS-IKL (legevaktsamarbeid)

Kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster og Nausdal etablerte i 2009 felles legevaktkontor som er lokalisert ved Sentralsjukehuset i Førde.

Miljøretta helsevern

Etablert internkommunalt samarbeid i 2012 innan miljøretta helsevern, smittvern og der Flora kommune er vertskommune.

Sunnfjord Næringsutvikling

Kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster samarbeider om næringsutvikling i Sunnfjord gjennom Sunnfjord Næringsutvikling AS (SNU).

Byggesakstilsyn

I 2011 er det etablert interkommunalt byggesakstilsyn for kommunane i SIS -kommunane; Førde, Jølster, Naustdal, Gaular og Flora samt Hyllestad.

Alden hamnesamarbeid – Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn

Eit interkommunalt samarbeid i samsvar med § 27 i kommunelova. Etablert i 2011.

Branntilsyn

Førde kommune gjennomfører etter avtale brannsyn i Gaular og Naustdal kommune.

Brannvern

Det er inngått avtale om felles brannvern for Førde og Naustdal kommune.

Skogbruk

Førde, Gaular og Jølster samarbeider om stilling som skogbrukssjef.

Veterinærvakt

Samarbeid mellom kommunane Jølster, Gaular og Førde.

Førde Norsksenter

Ikkje formelt organisert som interkommunalt samarbeid men vi utfører tenester for nabokommunar etter rekning.

Interkommunale selskap

Sunnfjord Miljøverk

Renovasjonstenester er lagt til Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap.

Kryss-revisjon

Revisjonstenesta er sett bort til KRYSS-revisjon.

SEKOM

Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet vert utført av SEKOM.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Naudalarmsentraltenester vert utført i eit interkommunalt selskap Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

Sjukefråvær

Basert på legemeldt sjukefråversregistrering i NAV pr kvartal.

Det legemeldte sjukefråveret pr kvartal i Førde kommune kjem fram i tabellen under. Gjennomsnittet er summen av alle kvartal delt på 4. Det gir som nokolunde gjennomsnitt men ikkje heil korrekt då talarbeidstakarar varierer gjennom året. Andre tal ligg ikkje føre. Om vi tek utgangspunkt i at eigenmeldingar utgjer om lag 1 % av sjukefråveret, så vil det samla sjukefråveret i Førde kommune i 2012 utgjere om lag 7,85 %. Det er om lag 0,2 % lågare enn i 2011.

Legemeldt sjukefråver i prosent					
	2008	2009	2010	2011	2012
1. kvartal	8,5	6,6	6,3	7,7	7,3
2. kvartal	7,7	7,1	5,4	6,7	6,1
3. kvartal	7,5	7,4	6,2	6,9	6,9
4. kvartal	6,3	7,6	7,3	6,9	7,1
Gjennomsnitt	7,5	7,18	6,3	7,05	6,85

Kommentar:

Det høgaste fråveret har i første og siste kvartal.

Legemeldt sjukefråver – samanlikning med anna verksemder pr 3. kvartal					
	2008	2009	2010	2011	2012
Førde kommune	7,5	7,4	6,2	6,9	6,9
Kommunal forvaltning	7,6	8,3	7,6	7,5	7,2
Hele landet	6,1	6,9	6,1	5,8	5,6

Kommentar:

Samanlikna med andre kommunar, så ligg Førde kommune sitt legemeldte sjukefråver pr 3. kvartal 2012 totalt 0,3 % lågare enn gjennomsnittet av kommunane i landet. I 2011 var denne 0,6 %

Legemeldt sjukefråver fordelt på varigheit pr 4. kvartal					
	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	6,3	7,6	7,3	6,9	7,1
<8 dagar	0,6	0,6	0,6	0,5	0,4
8-16 dagar	0,5	0,7	0,6	0,5	0,6
17 dagar – 8 veker	1,1	1,4	1,8	1,5	1,3
>8 veker – 20 veker	2,2	2,6	2,8	2,3	2,5
>20 veker – 39 veker	1,3	1,5	1,1	1,3	1,6
>39 veker	0,6	0,9	0,4	0,9	0,8

Kommentar:

Det er fråveret mellom 8 veker og 20 veker som utgjer det største fråveret. Derimot er det fråveret mellom 20 veker og 39 veker som har auka mest iht 2011.

Legemeldt sjukefråver fordelt på kjønn pr 4. kvartal					
	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	6,3	7,6	7,3	6,9	7,1
Kvinne	7,2	8,8	8,5	8,5	8,2
Mann	4,2	4,1	4	2,5	3,8

Kommentar:

I høve til 4. kvartal 2011, så har menn sitt sjukefråver auka betydeleg mens kvinnene sitt fråver har blitt redusert.

Legemeldt sjukefråvæer fordelt på alder pr 4. kvartal					
	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	6,3	7,6	7,3	6,9	7,1
16-20 år	1,4	2,5	2	2,5	3,5
21-29 år	3,5	6,2	6,7	6,1	6,7
30-39 år	6,1	9,3	5,6	8,3	8,4
40-49 år	7,1	7,6	8,5	6,9	6,7
50-59 år	5,5	6,5	8,6	5,9	6,7
60-69 år	14,7	10,2	6,8	8,6	7,3

Kommentar:

Samanliknar vi 4. kvartal 2011 med 4. kvartal 2012 så er det framleis i aldersgruppa 30-39 år sjukefråveret er høgast, mens det er redusert i aldersgruppa 60-69 år..

Skadersaker

Det er rapport om totalt 21 skader på tilsette i arbeidstida/ på tenestereise/reise til-frå arbeidet. Tilsvarende i 2011 var 14 mens det i 2010 var 19.

Skadesakene utløyste sjukefråver i totalt 181 arbeidsdagar mot 52 i 2011.

Eigarskap

Eigarskapsoversikt

Selskapets navn	Investert beløp	Endring	Eigarandel	Kommentar
Førde Tomteselskap AS	150 000		100,00 %	
Førdepakken AS	448 800	448 800	44,00 %	Ny
Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane	200 000	200 000	14,82 %	Ny
Sogn og Fj.teater LL	20 000		7,50 %	
Sunnfjord Miljøverk (IKS)	0		40,13 %	
Rødekorsbygget AS	35 000		35,00 %	
Sunnfjord Energi AS	44 373 119		22,19 %	
Firda Bilag AS	1 236 000		12,36 %	
Eninvest AS	66 000		0,36 %	
Ankerløkken eidegom AS	2 004 000		22,20 %	
Eigenkapitalinnskott KLP	10 855 789	1 182 741		
Eigenkapitalinnskott SPK	31 955			
Sentrum Sør AS	240 000		25,26 %	
Firda Produkt AS	102 000		20,40 %	
Førde Ølutsal AS	160 000		52,00 %	
Sunnlab AS	64 926		10,00 %	
Sunnfj. Næringsutvikling AS	58 054		13,50 %	
Alarmsentralen Sogn og fj. IKS	0		10,49 %	
Sum	60 045 643	1 831 541		

Årsmelding/ årsrapport frå selskapa vert lagt fram som meldingssak til politisk nivå.